



Lom



Lom
nasjonalpark-
landsby

2018

Budsjett

Økonomi- og
handlingsplan
2018 - 2021

Budsjettdokument for Lom kommune

Del I - Bakgrunn for budsjettet	3
1.2 Overordna styringssignal og utvikling	4
Del II - Status med SWOT og tiltak frå tenesteområda.....	8
2.1 KOSTRA-tal for Lom kommune.....	9
2.2 Støttefunksjonen.....	11
2.3 Servicetorg, informasjon, kultur(SIK)	11
2.4 Loar skule	12
2.5 Lom ungdomsskule.....	13
2.6 Barnehagen	14
2.7 Helse og velferd.....	15
2.8 Miljø, teknisk, næring(MTN)	16
2.9 Pleie og omsorg.....	17
2.10 Forslag frå tenesteområda - samla	18
Del III - Økonomiplanen: Vurdering av prioriteringar	23
Del IV - Administrasjonssjefen sitt forslag	25
4.1 Prioriteringar og innsparingar i budsjettet.....	26
4.2 Budsjett og øk.plan opp mot den øk. handlingsregel.....	30
4.3 Innstilling frå administrasjonssjefen	31
Del V - Politisk behandling	41
5.1 1. gongs behandling i formansskapet - vedtak	42
5.3 Behandling i kommunestyret - vedtak.....	40

Del I - Bakgrunn for budsjettet

Svekka økonomisk handlefridom

Det har vore svært utfordrande å finne balanse i budsjettet for 2018. Som grunnlag for forslaget er økonomisk handlingsregel, gjeldande vedtak i årsbudsjett 2017 og økonomiplanen som vart rullert av kommunestyret i juni 2017. Vesentlege føringar for arbeidet er vedtak om å avvikle eigedomsskatten og planlagt omstillingsarbeid innan pleie og omsorg med vurderte investeringar.

Evt. endringar av desse forutsetningane vil påverke både budsjett for 2018 og økonomiplanen i perioda både når det gjeld drift og investering. Dette må sjåast opp i mot økonomisk handlingsregel som er vedtatt. Ut i frå forutsetningane vi kjenner i dag er det langt på veg mogleg å imøtekoma nivå på målsetninga for korrigerert netto driftsresultat og fondsreserver. Det er ikkje mogleg å nå målet om andel lånegjeld, noko som og går fram av førre budsjett.

Det er likevel grunn til å frykte at økonomisk handlefridom blir ytterlegare svekka i komande år. Vesentlege faktorar som innfasing av og dreining av inntektssystemet, reduksjon i grunnlaget for eigedomsskatt for verker og bruk (dette vil svinge i takt med m.a. kraftpris og rentenivå), reduksjon i talet på

innbyggjarar (m.a. som flg av lågare busetting av flyktningar) alle peikar i negativ retning. Fundamentale utfordringar for offentlig sektor generelt tilseier og at ressurstilgangen for kommunane vil gå ned. Som døme kan nemnast omsorgsutfordringa med stadig større andel av

innbyggjarane som er pleietrengande sett opp i mot andel befolkning som er i arbeidsfør alder. Reduksjon av bruk av avkastning av oljefondet for å møte nasjonal handlingsregel og framtidige pensjonsutgifter er underbyggjande i høve denne forventa utviklinga. Renteoppgang vil gjera oss ytterlegare sårbare dersom foreslått investeringsprogram blir gjennomført. Dette er i noko grad forsøkt å ta inn i økonomiplanen.

Budsjettet er stramt og har minimalt handlingsrom til tiltak utanom det som ligg i framlegget. Kommunen er derfor særdeles sårbar med tanke på uforutsette utgifter. Dette kan t.d. koma som flg av enkeltvedtak og ressurskrevande tenester. I arbeidet med budsjett har det vore fokus på tenestetilbod til brukarane og lovpålagte oppgåver, og kor mykje ein kan redusere ressurstilgangen før ein ikkje lenger leverer tenester på forsvarleg nivå. Sjølv om budsjetttrammene etter korrigeringar er redusert innan alle område blir foreslått budsjett vurdert som forsvarleg i så måte, men betydeleg marginalisert i høve tidlegare år. Nivået på foreslått reduksjon av stillingar i kommunen har aldri vore så høgt i eit budsjettframlegg som dette. Dette vart varsla i førre budsjettokument og vist til forutsetningar for dette. Etter

endeleg vedtak i kommunestyret vil denne prosessen bli iverksett med utgangspunkt i rammer og prioriteringar.

Av foreslåtte investeringstiltak er det utbygginga i pleie og omsorg som er den desidert største utfordringa.

Både nivå i form av sjukeheimplassar og omsorgsbustader og timing i høve innfasing av dei enkelte elementa er særdeles viktig. Det er derfor viktig at kommunen set av tilstrekkeleg tid og får eit best mogleg beslutningsgrunnlag før

konklusjon blir trekt.

Det er og verd å merke seg at det blir foreslått reduksjon i overføringar til kultur, idrett, kyrkje, reiseliv/landbruk og friviljug sektor elles. Dette er forslag som sit langt inne av di alle er viktige bidragsytrarar til kommunen på fleire måtar. Dessverre blir likevel desse innsparingstiltaka foreslått slik at kommunen sjølv blir best mogleg i stand til å levere lovpålagte tenester.

I skrivande stund er ikkje endeleg statbudsjett vedtatt. Men det er kjent at det ligg føre avklaring om støtte til regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett forutsett at område som støttepartia har forhandla fram blir tatt inn. Dette gjeld t.d. innføring av lærarnormen og avvikling av element i eigedomsskattegrunnlaget. Konsekvensane av dette er dermed ikkje råd å vurdere, men blir vurdert til å ha liten effekt for Lom kommune.

Lom 27. november 2017

Ola Helstad - administrasjonssjef




1.2 Overordna styringssignal og utvikling

1.2.1 Finansministeren sine kommentarer til statsbudsjettet 2018

Finansminister Siv Jensen sine kommentarer til

Statsbudsjettet for 2018

Finanspolitikken har vært brukt aktivt for å motvirke effektene av oljeprisfallet. Det er nå god økonomisk utvikling i Norge. I statsbudsjettet for 2018 er derfor veksten i bruk av oljeinntekter mindre enn de siste årene. Regjeringen prioriterer vekstfremmende skattelettelse og fortsetter satsingen på kunnskap, samferdsel, helse og velferd i kommunene.

Et budsjett for økonomisk vekst, flere i jobb og et bærekraftig velferdssamfunn
– Statsbudsjettet for 2018 er fremtidsrettet. Regjeringen prioriterer tiltak som styrker velferden i dag, skaper flere jobber og trygger Norge for fremtiden, sier finansminister Siv Jensen (Frp).

Vekstfremmende skatte- og avgiftslettelse

– Regjeringen gir skattelettelse som fremmer vekst og investeringer i norske arbeidsplasser. Vi senker skattesatsene for personer og bedrifter og vil gjøre det mer lønnsomt å investere i Norge, sier finansminister Siv Jensen (Frp).



Siv Jensen - finansminister

Lette i eideomsskatten

– Å fjerne eideomsskatten på maskiner og tilbehør vil gi store lettelse for industrien og vil medvirke til å trygge arbeidsplasser, sier finansminister Siv Jensen (Frp). Forslaget følger opp punktet i Sundvolden-erklæringa om å fjerne eideomsskatten på maskiner.

1.2.2 Utdrag frå KS sitt notat om statsbudsjettet 2018

Kommuneøkonomi i statsbudsjettet



Rune Bye - avd.dir. kommuneøkonomi

Det største endringen i statsbudsjettet sammenliknet med det økonomiske opplegget i kommuneproposisjonen er knyttet til skatteinntektene for 2017.

Det er nå anslått en merskattevekst i 2017 på om lag 4 mrd. kroner. Denne merskatteveksten ble gjort kjent allerede i august i år, og som i 2017 har merskatteveksten bakgrunn i ekstraordinært store uttak av utbytter som trolig skyldes tilpasninger til skattereformen. Veksten i frie inntekter ligger for øvrig helt nederst i det angitte intervallet for inntektsvekst i kommuneproposisjonen 2018.

Merskatteveksten gir økt økonomisk handlingsrom i 2017, men påvirker ikke handlingsrommet i 2018. Dette skyldes at regjeringen gjennom kommuneproposisjonen har signalisert nivået på inntektene i 2018. Inntektsnivået i 2018 endres således ikke som følge av merskatteveksten i 2017. Merskatteveksten i 2017 kan dermed ses på som en forskuttering

av den veksten i frie inntekter som kommuneproposisjonen la opp til for 2018. Merskatteveksten i 2017 er en engangsinntekt som ikke vil kunne finansiere varige økninger.


Inntektssystemet

Fra 2018 innføres en ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje i inntektssystemet for fylkeskommunene. Forslaget til ny kostnadsnøkkel bygger på anbefalingene i rapporten Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåter, som er utarbeidet av Møreforskning Molde på oppdrag fra departementet, samt departementets egne analyser. For kommunene kan det være grunn til å merke seg at de regionalpolitiske elementene i inntektssystemet ikke er justert for lønns- og prisvekst. Med andre ord reduseres den realøkonomiske betydningen av disse.

Heile dokumentet kan du lesa her:

http://www.ks.no/contentassets/eb9fe6007d1c463e90b9c139a699c790/notat-statsbudsjett-2018_16102017.docx.pdf

1.2.3 Utvikling i folketallet



1.2.4 Føresetnader

Administrasjonssjefen skal legge fram budsjettforslag for formannskapet. Det har vore ein budsjettprosess der budsjettet er godt forankra hjå den enkelte leiar.

Målsetting med budsjettarbeidet

- Oppretthalde nødvendig tenestetilbod
- Prioritering av lovpålagde oppgåver
- Imøtekoma målsettingar i overordna planer og vedtak
- Netto driftsresultat på minimum 2 %.
- Disposisjonsfond på: 10 % av netto driftsresultat
- Lånegjeld på: maksimalt 65 %

Føresetnader for budsjettarbeidet

- Årslønsvekst: 3,1 % (Prognose SSB)
– overheng 1,6%(KS) = 1,5%
- Ordinær pensjonskostnader KLP: 17,25 %
- Ordinære pensjonskostnader STP: 12,00 %.
- Kostnader til AFP: Kr 730 000
- Arbeidsgjevaravgift: 6,4 %
- Frie inntekter er henta frå statsbudsjettet «grønt hefte»
- Innskotsrente i samsvar med gjeldande rente oktober 2017
- Lånerente i samsvar med gjeldande rente oktober 2017
- Avdrag basert på nedbetalingsplan frå lånegjevar
- Utbyte frå AS Eidefoss: kr. 1 300 000
- Utbyte frå Lom Tamreinlag ANS: kr 60 000
- Bruk av konsesjonskraftinntekter til driftsføremål kr. 5 450 000
- Vidareføring av justert budsjett 2017

1.2.5 Endringer i frie inntekter

Auka i dei frie inntektene til kommunesektoren er på 3,8 milliardar kroner.

Regjeringa skriv at dei statlege satsingane fordeler seg slik:

- **200 millionar** kroner til tidleg innsats i barnehagen og skulen.
- **200 millionar** kroner til førebyggjande tiltak til barn, unge og familiar, som eksempelvis kan brukast i helsestasjons- og skulehelsetenesta, eller satsing på sosiallærarar, psykologar eller samarbeid med private aktørar om foreldrestøttande tiltak.
- **300 millionar** kroner til eit betre tilbod til rusavhengige.»

(Kjelde: Statsbudsjettet)

Lom kommune får denne endringa i overføringar frå Staten:

Endring i overføringar frå staten	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring	i %
Statleg rammeoverføring	-75 347 000	-76 843 000	-1 496 000	2%
Inntektsutjamningstilskot	-9 637 000	-13 442 000	-3 805 000	39%
Skjønnsstilskot	-1 200 000	-800 000	400 000	-33%
Skatt på inntekt og formue	-54 415 000	-53 413 000	1 002 000	-2%
SUM	-140 599 000	-144 498 000	-3 899 000	3%

1.2.6 Kraftinntekter

Konsesjonskraft	2017	2018	Endring
Kjøp	4 900 000	5 400 000	500 000
Sal	-9 321 000	-10 850 000	-1 529 000
Sal av konsesjonskraft - netto	-4 421 000	-5 450 000	-1 029 000

1.2.7 Eigedomsskatt

	2017	2018	2019	2020	2021
Eigedomsskatt (verker og bruk)	-3 275 000	-2 330 000	-1 680 000	-1 680 000	-1 680 000
Eigedomsskatt - annan fast eigedom	-1 750 000	-1 400 000	-1 050 000	-700 000	-350 000
Sum eigedomsskatt	-5 025 000	-3 730 000	-2 730 000	-2 380 000	-2 030 000

Lom kommune har eigedomsskatt på eigedomar på Fossbergom og på «verker og bruk».

Grunnlaget for utskriving av eigedomsskatt på kraftanlegg, som kjem inn under gruppa «verker og bruk» er fastsett av staten. Verdsettinga av kraftanlegg er endra, slik at grunnlaget for eigedomsskatt gav oss reduserte inntekter i 2017 med kr 1 465 000. For 2018 er dette forsterka ved at vi får ytterlegare kr. 945 000 i mindre eigedomsskatt for 2018.

Kommunestyret kan gjera vedtak om endring av sats og botnfrådrag, for å justere inntektsnivået for eigedomsskatt. På verker og bruk er det nytta maksimal sats. For bustader og fritidseigedomar er det nytta ein sats på 0,4%, denne kan aukast oppover til 0,7 %, eller nedover. For 2018 er skattesatsen justert til 3,2 promille, jfr. vedtak i kommunestyret.

1.2.8 Talfakta - økonomi - busetjing av flyktningar

Integreringstilskot til kommunen:

Ein einsleg vaksen – kr 804.100 fordelt over 5 år.
 Andre vaksne og barn – kr 754.100 over 5 år.
 Eit døme: for ein familie på 4 (2 vaksne og 2 barn) får kommunen kr 3.016.400 i løpet av 5 år.
 Kommunen får også eit eingongsbeløp ved busetjing av barn i barnehagealder – kr 25.800 (barnehagetilskot).

Innbyggjartilskot

Via rammetilskotet som kommunen får frå staten blir det også tilført store beløp – (ulik vektning i høve alder), eit forsiktig gjennomsnittleg anslag er kr 100 000 pr. innbyggjar pr. år.

Tilskot til vaksenopplæring:

Kommunane får eit grunntilskot i 2016 på kr 575 000 (dei som har mellom 4 og 150 busette). I tillegg får kommunane ca. kr 130 000 pr. flyktning som er i vaksenopplæringa fordelt over 3 år.
 Til dømes var samla tilskot til vaksenopplæring i 2017 på kr 1.530.000.

Kva får flyktningane av kommunen?

Økonomisk stønad til etablering er ikkje ein del av sjølv introduksjonsloven. Samarbeidskommunane har kome fram til ei felles ordning for alle kommunane.
 Ved busetjing får flyktningane etableringstilskot til møbler, utstyr og klede etter interkommunal/regional vedteken flyktningplan – like satsar i alle kommuner:

Stønad til innkjøp av møbler og anna utstyr:

- Einsleg: inntil kr. 35 000,-
- Ektepar/sambuarar (til saman): inntil kr. 40 000,-
- Personar i bufellesskap/deler bustad(pr. pers): inntil kr. 20 000,-
- Pr. barn (under 18 år): inntil kr. 5 000,-

I tillegg kjem stønad til innkjøp av klede, 5 000,- pr. pers. Dei som har fylt 18 år får utbetalt introduksjonsstønad når dei deltek i introduksjonsprogrammet.

- Dei som er 25 år og eldre får 2 x G:
 Brutto pr. år 187 268,- /pr. mnd. 15 606,-
- Dei som er i alderen 18-25 år får 2/3 av 2G:
 Brutto pr. år 124 845,-/pr. mnd. 10 404,-

Av introduksjonsstønaden betaler flyktningane skatt, husleige, straum m.m. Det blir søkt bustønad frå Husbanken til alle – individuell vurdering/behandling i Husbanken.

Flyktningar i Lom pr. 22.11.2017

Land	personar
Eritrea	18
Somalia	30
Syria	16
Burundi	2
Kongo	1
TOTALT	67



-Del II-

Forslag frå tenestekområda

Utfordringar
Forbettringsbehov
Kom til Lom
Me
SWOT
Frisve
Tiltak
Styrke
Moglegheiter
Investeringstiltak
Moglegheiter
Merknadar
Driftsutgiter
Nøkkeltal
Driftstiltak
arbeidarundersøking
KOSTRA
Komentorar
Budsjettarbeide



Gjestfritt og nyskapande

Del II - KOSTRA, SWOT og tiltak frå tenesteområda

2.1 KOSTRA-tal for Lom kommune

Finansielle nøkkeltal KOSTRA revidert 15.06.2016	Lom			Skjåk 2016	Vågå 2016	Kostragr. 3 2016	Oppland 2016	Noreg u/Oslo 2016
	2014	2015	2016					
Finansielle nøkkeltall								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-6,2	-7,8	0,3	-0,2	1,8	3,4	2,5	3,5
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,1	-2,5	5,3	4,0	4,2	3,4	3,6	3,9
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	54 881	56 144	57 924	58 720	59 189	60 468	52 589	52 158
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	233,2	230,7	241,5	230,1	239,1	230,0	210,2	210,5
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	41,0	41,4	40,7	38,3	25,9	20,6	22,4	19,7
Prioritering								
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	117 991	117 655	133 650	179 241	129 914	142 706	136 230	137 740
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, per innbygger 6-15 år	135 312	144 388	131 445	166 557	122 273	134 160	115 609	105 196
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	4 376	4 519	4 364	4 663	4 053	4 157	2 933	2 544
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	24 741	24 571	26 882	25 218	25 411	22 148	20 060	17 003
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	5 096	3 001	2 921	4 891	3 090	3 037	3 291	3 543
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	4 219	3 379	3 518	5 714	7 551	11 272	10 047	8 904
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	6 806	5 382	6 089	7 887	4 729	7 532	4 571	4 311
Dekningsgrad								
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,1	91,2	87,2	89,9	91,4	89,8	91,1	91,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	5,3	5,4	5,8	8,1	5,0	9,7	7,4	7,8
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	15,3	15,3	16,4	15,9	14,1	14,3	12,2	10,7
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,8	9,8	9,7	13,4	11,7	10,5	11,3	9,2
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0	100,0	100,0	100,0	66,0	94,3	96,9	94,9
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	17,8	18,7	17,0	18,7	15,9	14,8	12,2	13,0
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,3	3,1	2,3	4,8	5,0	-	-	4,0
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,2	4,5	3,4	3,8	5,7	-	-	4,9
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	4	251	250	18	8	168	60	43
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	21	22	25	28	25	29	25	21
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,43	0,64	0,64	0,64	0,62	-	0,66	0,59

KOSTRA

Kommune-Stat-Rapportering

KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering) er eit rapporteringssystem for norske kommunar som blir nytta på nasjonalt nivå. Systemet nyttast for å rapportere informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenestoområde i kvar enkelt kommune. Denne informasjonen blir sendt til Statistisk sentralbyrå (SSB)

som publiserar den. Talmaterialet omfattar det meste av verksemdar som økonomi, skule, helse, kultur, miljø, sosiale tenester med meir. Tala peikar på prioriteringar, dekningsgrad og produktivitet, men seier lite om kvalitet. På førre sida og denne finn de eit utval av tala.

Finansielle nøkkeltal KOSTRA revidert 15.06.2016	Lom			Skjåk 2016	Vågå 2016	Kostragr. 3 2016	Oppland 2016	Noreg u/Oslo 2016
	2014	2015	2016					
Produktivitet/enhetskostnader								
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	155 765	153 039	184 039	225 794	182 161	191 987	184 747	186 430
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss, per elev	137 701	143 702	133 398	157 085	132 935	139 242	122 242	110 479
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	10,9	11,9	11,1	10,8	11,5	10,9	13,5	14,1
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	195 558	174 361	213 511	197 302	186 627	221 212	229 153	247 471
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	945 927	947 268	991 195	1 048 568	1 017 412	1 146 818	1 095 115	1 090 185
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 870	3 086	2 979	2 700	4 207	3 555	3 790	3 441
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1 958	2 016	2 056	2 190	1 744	3 695	4 941	3 840
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1 958	2 016	2 056	2 190	1 744	2 955	2 136	2 716
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	..	99	110	..	54	-	128	149
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	24	33	18	67	45	-	45	48
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	40 625	45 125	42 188	71 091	87 566	93 468	114 127	135 691
Lovanvendelse								
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	100	100	100	100	93	96	89	95

SWOT-analyse

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.



NÅTID

FRAMTID

2.2 Støttefunksjonen

NÅTID - STYRKE:	Kompetanse Omstillingsevne Samarbeid i Støttefunksjonen	FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:	Digitalisering Rådgjevande rolle for resten av organisasjonen, tillit og pålitelegheit Kompetanse som er med på å utvikle organisasjonen (både internt og ut i organisasjonen)
PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:	Tidspress Fleire prosedyrar Fullføre opplæring for å få toar på alle sentrale funksjoner	PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR	Digitalisering Behalde kompetanse Langt frå kompetansemiljø – krev andre måtar å innhente kompetanse på

Fokus-område	Indikator	Støttefunksjonen			
		Noreg res 2017	res 2017	mål 2017	mål 2018
Brukar	Støttefunksjonen gjev god service ved kontakt	5,1	4,8	4,8	5,1
	Støttefunksjonen er løysingsorientert	4,9	4,7	4,5	4,9
	Støttefunksjonen held avtalde fristar	4,8	4,6	4,3	4,8
	Støttefunksjonen tydeleggjer tenestene eg kan få	4,8	4,4	4,7	4,8

2.3 Servicetorg, informasjon, kultur(SIK)

NÅTID - STYRKE:	Arbeidsmiljø prega av fleksibilitet og endringsvilje Arbeidsmiljø prega av trivsel og stabil bemanning Ansvarsbevisst og løysingsorientert arbeidskultur	FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:	Synergjar av regionalt samarbeid Auka satsing på digitalisering Styrka informasjonsflyt og koordinering med andre tenesteområde i kommunen
PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:	Sårbart i høve bemanning Dårleg fungerande IT-løysingar Sårbart i høve informasjonsflyt og koordinering i organisasjonen	PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR	Flytting av oppgåver til interkommunale samarbeidsløysingar Nedbemanning Dårleg økonomi

Fokus-område	Indikator	SIK			
		Noreg res 2017	res 2017	mål 2017	mål 2018
Brukar	Arkivet/dokumentsenteret yter god service ved henvendinger	*	*	4,7	5
	Politisk sekretariat leverer tenseter med god kvalitet			4	4,5
	Servicetorget/sentralbordet er imøtekommande når eg tek kontakt			4,4	4,5
	<i>*) SIK er nytt område, og har ikkje samaliknbare tal.</i>				

2.4 Loar skule

NÅTID - STYRKE:

- God ressurstilgong
- Kompetente og løysingsfokuserte kollegaer, elevar, heimar og administrasjon
- Godt uteareal og nærområde
- Godt etablert samarbeid mellom barne- og ungdomsskulen.

PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:

- For få og for små rom; klasserom, kontor, møterom, toalett og lager. Dårlig inneklima.
- Digitale tavler på heile skulen med gode digitale løysingar, mellom anna godt trådløst nett på heile skulen.
- Generelt vedlikehald og opprusting av bygningsmasse.
- Nytt låsesystem på utgangsdørene.
- Trygg skuleveg - Brubakken

FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:

- Arbeid med psykososialt arbeidsmiljø for elevar og vaksne, samt implementere satsingar vi har no og dei vi har hatt.
- Auka og etablert bruk av ressurspersonar internt og i nærmiljøet. Vidareutdanne dei som ønskjer og i det skulen treng/vil satse på.
- Kreativ, fysisk og kulturell aktivitet.
- Klasesett med iPad til bruk i skrive- og leseopplæringa.

PRIORITERTE SPESEIELLE UTFORDRINGAR

- Rektor har for lita tid til å drive pedagogisk leiing grunna mange tenesteleiaroppgåver og møteverksemd.
- Nå kompetansemåla i t.d. symjing og digital dugleik.
- Utstyr og opplæring/kompetanseheving i digitale hjelpemiddel.
- Ytre rammer som romsituasjonen, lagerplass, trafikken rundt skulen og økonomiske nedskjeringar.
- Auka innslag av miljøarbeidar/helsearbeidar i samband med både psykososiale og fysiske/ medisinske utfordringar i skulekvardagen.
- Bygningsmasse, spesielt ytterdørene.
- Halde på, og vidareutvikle det gode samarbeidet med ungdomsskulen.

Fokus-område	Kritisk suksess-faktor	Indikator	Loar skule			
			Noreg res 2016	res 2016	mål 2017	mål 2018
Brukar	Opplevd kvalitet	Trivsel	4,4	4,5	4,5	4,5
		Mobbing på skulen	1,3	1,1	1,0	1,0
		Fagleg rettleiing av lærar	4,4	4,5	4,5	4,5
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,4	5,0	5,0	5,0

2.5 Lom ungdomsskule

NÅTID - STYRKE:

- Høg kompetanse og stabilt personale med lite sjukefråver. Er ein lærande organisasjon med god samarbeids- og delingskultur. Leserettleiarar er viktige ressurspersoner.
- Auka samarbeid mellom barne- og ungdomsskulen på rektor- og skulenivå
- Ser over tid gode læringsresultat, og dei fleste elevane fullfører vidaregåande utdanning.

FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:

- Skulen er med på satsinga UiU. Her vil det bli lagt vekt på meir variert og praktisk undervisning.
- Tett samarbeid med PPT, helsesystem og BUP med tanke på elevar som strevar utanom det faglege.
- Tett oppfølging av elevar med lærevanskar slik at dei får det læringsutbyttet som er naudsynt for å fullføre vidaregåande utdanning. Krev stor lærartettleik for å få til gruppedeling og hjelp innanfor klassen med tolærarsystem.

PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:

- Mange elevar slit med motivasjon. Gjennom UIU-satsinga vonar vi at det skal bli meir variert og praktisk undervisning.
- Utfordringar med store nivåskilnadar i mange klassar.
- Framandspråklege elevar utan skulegang gjer det svært krevjande å få til god tilpassa undervisning.

PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR

- Nye kompetansekrav i grunnskulen gjer at fleire lærarar må få etterutdanning for å få formell kompetanse til å undervise i grunnskulen.
- Vaksenopplæring er lagt under LUS. Denne er svært ressurskrevjande. Vurdere ei anna organisering av vaksenopplæringa.
- Lokala til vaksenopplærerna må vere samla av sikkerheitsgrunnar

Fokus-område	Kritisk suksess-faktor	Indikator	LUS			
			Noreg res 2016	res 2016	mål 2017	mål 2018
Brukar	Opplevd kvalitet	Trivsel	4,2	4,8	4,3	4,2
		Støtte frå lærarane	4,2	4,7	4,2	4,2
		læringskultur	3,8	4,6	4	3,8
		Mobbing på skulen	1	4,4	1,2	1
	Målt kvalitet	Vurdering for læring	3,2		3,8	3,3
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,2		4,2	
			Noreg res 2017	res 2017	mål 2017	mål 2018
		Gjennomsnitt grunnskulepoeng	39,5	40,5	41,5	-
		Resultat NP lesing 9. klassenivå 1 og 2 av 5 nivå	16,70 %	15 %	10 %	-
		Resultat NP regning 9. klasse nivå 1 og 2 av 5 nivå	19,40 %	21,2	12 %	-

2.6 Barnehagen

NÅTID - STYRKE:

- Fått fleire mannlege tilsette, har nå til saman fem menn i barnehagane.
- God og variert kompetanse i personalgruppa. God pedagogdekning. Nesten alle pedagogane har vidareutdanning. Tre fullførte ulike studium finansiert av Utdanningsdirektoratet nå i 2017.
- Etablering av utegruppe i Garmo som har fått sær positive attendemeldingar.
- Satsing på «eit godt barnehagemiljø» med midlar frå Fylkesmannen. Samarbeid med Kari Pape.

PRIORITERTE KRITISKE FORBETRINGSBEHOV:

- Styrarane opplev organiseringa av barnehageområdet som utfordrande. Loar barnehage har fem avdelingar med 70 barn, og i Garmo er det fire avdelingar med 50 barn. Begge har styrarar, men styrar i Loar har i tillegg tenesteleiaransvar for begge barnehagane. Styrar i Loar vert difor overordna for styrar i Garmo, noko som er vanskeleg å forhalde seg til.
- Ny Rammepplan for barnehagane som gjeld for august 2017, set tydelegare krav til styrar og pedagogisk leiar i barnehagen . Styrar som er tilstade og tilgjengeleg i barnehagen er nødvendig for at kvardagen skal «flyte godt» , slik at pedagogar og andre tilsette kan bruke tida si på arbeid med barna.
- Ressurs og tid til pedagogisk leing for styrarane blir opplevd som snau både av styrarane og øvrige personale. Dette heng også saman med at styrarane (særleg på Loar) har mykje administrative oppgåver og ansvar.

FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:

- Vidareføre erfaringane som utegruppa gjer til andre avdelingar , og eventuelt utvide tilbodet.
- Fordele barna mellom barnehagane, slik at det ikkje blir så fullt på Loar der det er minst plass både ute og inne.
- Etablere leikeressurs i barnehagane: ungdomsskulegutar kan søkje på «jobb» som leikeressurs utanom skuletid. Dette kan prøvast nå som det er fleire mannlege tilsette som kan ta ansvar for opplegget. Ynskje om oppstart 2018

PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR

- Svært varierende barnetal frå år til år, gjer det utfordrande å planlegge tilbodet. Dette gjeld både tal på plassar og behov for tilsette.

Fokus-område	Indikator	Barnehagen			
		Noreg res 2016	res 2016	mål 2017	mål 2018
Brukar	Eg opplev at barnet mitt føler seg trygg på personalet i barnehagen	4,8	4,8*	4,9	*
	Eg har inntrykk av at barnet mitt har venner i barnehagen	4,7	4,9*	4,9	*
	Eg har inntrykk av at barnet mitt får vere med på å påverke innhaldet i barnehagedagen	4,1	3,9*	4,1	*

*)Barnehagen nyttar UDIR si foreldreundersøking, der resultat for 2017 ikkje er tilgjengelege før 1. desember.

2.7 Helse og velferd

NÅTID - STYRKE:	<ul style="list-style-type: none"> • Stabilt og kompetent personell på alle fagområda • Godt tverrfagleg samarbeid • Nytt og oppgradert helsesenter 	FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:	<ul style="list-style-type: none"> • Styrking av det førebyggjande og helsefremjande tverrfaglege samarbeidet spesielt for barn og unge - jfr. m.a. Ungdata • Vidareutvikle interkommunalt samarbeid på fleire område. • Styrke kompetanseutviklinga i regionen – auka bruk av undervisning/kursing via videokonferanse og hospitering.
PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:	<ul style="list-style-type: none"> • Auke av stillingsressursar på fagområde med store utfordringar/stort press – t.d. helsestasjon/skulehelseteneste og sekretærbehov på legekantoret. • Store utfordringar innan psykisk helsearbeid og rus – jfr. samhandlingsreforma – m.a. at spesialisthelsetenesta skriv ut pasientane tidlegare. • Tid og ressursar til kompetanse-utvikling og fagleg oppdatering/ internkursing. 	PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR	<ul style="list-style-type: none"> • Styrking av helsestasjon/skulehelsetenesta - spesielt retta mot førebygging og psykisk helse – jfr. sentrale føringar og kjente utfordringar (m.a. Ungdata og folkehelseoversikta). • Fokus på barn og unge si psykiske helse. Eige tverretatleg/tverrfagleg prosjekt starta i 2017. Vidareføring i 2018. • Om IMDI trappar ned talet på flyktningar som treng busetjing vil dette føre til inntektsstap for kommunen. Kan bli tvinga til å omprioritere ressursar i ulike tenester.

Fokusområde	Indikator	Helse og velferd			
		Noreg res 2017	res 2017	mål 2017	mål 2018
Brukarar psykisk helsearbeid	I kor stor grad opplever du at tenesta du mottok bidreg til at du får eit meir aktivt liv	3,6	3,8	3,6	3,7
	I kor stor grad opplever du at tenesta du mottok bidreg til auka tryggleik i kvardagen for deg?	3,6	3,8	3,6	3,7
	I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette i tenesta behandlar deg med respekt?	3,8	4	3,9	4
Brukarar helsestasjon	I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen?	4,9	4,8	4,6	4,7
	I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt?	5,6	5,5	5,3	5,5
	Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helsestasjonen	5,1	5	4,5	4,7
Brukarar fysioterapi	I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til?	5,1	5,1	5,3	5,3
	I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt?	5,6	5,6	5,7	5,7
	I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysio-terapiteneste er akseptabel?	4,9	4,9	4,7	4,8

2.8 Miljø, teknisk, næring(MTN)

NÅTID - STYRKE:

Godt tverrfagleg samarbeid innanfor tenesteområdet.

MTN har saman ei fagleg breidde som gjer det mogleg å byggje opp eit godt tenestetilbod knytt til ressursforvaltning i ein liten kommune.

Høg kvalitet på kommunaltekniske tenester, vaktmeistertenester og reinhald. Regional ressurs innan kartforvaltning og utvikling.

Arbeidet for ei berekraftig arealforvaltning og framtidsetta stadutvikling er godt forankra i kommuneadministrasjonen, i bygdesamfunnet og på tvers av partigrænser i det politiske miljøet.

God erfaring med å hente inn eksterne tilskot til ulike satsingar, t.d. nasjonalparklandsby, turskiltprosjekt, utmarksforvaltning.

PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:

Sikre fortsatt god framdrift i overordna planlegging, først og fremst kommuneplanens arealdel.

Sikre tilfredsstillande tenester og personalressurs på landbruk gjennom langsiktig samarbeidsavtale med nabokommuna(ne)

Økonomiske rammer til tilfredsstillande drift- og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen og kommunale vegar.

Utvikle digitale arkivløysingar.

Ha tilstrekkeleg arbeidskapasitet til å jobbe med utviklingsoppgåver, utover det som er lovpålagt.

FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:

Oppstart av prosess med utarbeiding av ny næringsplan for Lom kommune. Landbruk er eit sentralt tema som må integrerast i planen.

Gjennomføre handlingsprogram for oppgradering av kommunale vatn og avløpsanlegg. For å oppretthalde forsyningsikkerhet og kvalitet på tenester.

Gjennomføre kartlegging for oppgradering av kommunale gateljosanlegg. Oppgradering vil redusere vedlikehaldsutgifter, reduserte straumutgifter, oppretthalde kvalitet på teneste og vera eit enøk-tiltak.

Auka samarbeid på tvers av kommunegrænser knytt til næringsutvikling, arealplanlegging m.m.

PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGER

Store kostnader med kartlegging og iverksetting av tiltak for å sikre bygningar og utbyggingsområde m.o.t. fare for ras og flaum.

Behov for oppdatering av beitebruksplan og integrering av den nye planen i arealplanlegging, næringsplan mm.

Stort vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg. Dette fører m.a. til store driftskostnader.

Aukande vedlikehaldsbehov på kommunale gateljosanlegg.

Utfordringar innan rekruttering:
Sterk konkurranse om kompetanse i samfunnet generelt, og kommunane kan i liten grad konkurrere med private om løn.

Legge betre til rette for kompetanseutvikling for å redusere avgang/ gjennomtrekk i stillingar.

Avklare omfang og oppstart av arbeidet med strategisk næringsplan.

Fokus-område	Indikator	MTN			
		Noreg res 2017	res 2017	mål 2017	mål 2018
Byggesaksbehandling	Kor tilfreds er du med faktisk saksbehandlingstid/svartid?	*	*	5,2	5,2
Vatn og avlaup	I kor stor grad opplever du at vatn- og avlaupstenesta leverer det dei skal?	*	*	5,5	5,5
		Noreg res 2016	res 2016	mål 2017	mål 2018
Int. tenester - reinhald	Reinhald leverer tenester med god kvalitet	4,7	5,0	5,3	5,3
Int. tenester - vaktmeister	Vaktmester leverer tenester med god kvalitet	5,0	5,0	5,4	5,4

*)Resultat for 2017 er ikkje klart.

2.9 Pleie og omsorg (PO)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

NÅTID - STYRKE:	<ul style="list-style-type: none"> • Endringsdyktig sektor, føreligg ressurs- og driftsanalyse • Gjennomføringsevne • Styrka heimebasert sektor 	FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:	<ul style="list-style-type: none"> • Omsorgstrapp • Kompetanse: demens, miljøbehandling, rus, psykiatri, IKT • IKT og velferdsteknologi
PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:	<ul style="list-style-type: none"> • Stort kompetansebehov: Høgskuleutdanna • Vanskar med å rekruttere kompetanse i vikariat og faste stillingar • Bygg • Dyr drift: ikkje bærekraftig etter 2020 • Manglar trinn i omsorgstrapp • Smittevern 	PRIORITERTE SPEISIELLE UTFORDRINGAR	<ul style="list-style-type: none"> • Auke i talet på eldre med demenssjukdom og komorbiditet, samt alderssamansetjing generelt frå 2020. Færre i arbeidsdyktig alder (2030), obs utfordringar innan folkehelsa i Lom • Ufullstendig omsorgstrapp, manglar heildøgns omsorgsbustadar for eldre og ungdomar • Sjukefråver og sjukefråverstilrettelegging • Smittevern • Kompetanse: Rekruttere kompetanse, vedlikehald av kompetanse • Eittårsregelen

Fokus-område	Indikator	Pleie og omsorg			
		Noreg res 2017	res 2017	mål 2017	mål 2018
Brukarar heimebasert omsorg	Eg får den hjelpa eg treng slik at eg kan bu heime	5,2	5,9		5,9
	Dei tilsette veit kva dei skal gjere når dei kjem heim til meg	5,2	5,6		5,9
	Eg veit kva som står i vedtaket mitt	4,4	5,2		4,8
	Det tok kort tid frå eg søkte om hjelp til eg fekk det	5,1	5,6		5,7

2.10: Drifts- og investeringsforslag frå tenesteområda – samla

Forslag til tiltak frå tenesteområda - dette er ei samla, uprioritert liste over drifts-og iniveringstiltak som er føreslegne av tenesteområda. Enkelte forslag har utfyllande kommentarar. Det endelege forslaget til tiltak frå administrasjonssjefen finn de i kapittel IV.

Tiltak Miljø, teknisk, næring	2018	2019	2020	2021
Investeringar(nye tiltak over 100 000 kroner)	Inkl. 25% mva			
Nye containerar, tiltak miljøstasjon	477 500	0	0	0
Miljøstasjon, asfaltplate for hage- treavfall	0	462 500	0	0
Veg Brubakken	4 250 000	1 750 000	0	0
Sikringstiltak Ulstad	4 000 000	0	0	0
Kollavegen restaurering	375 000	0	0	0
Galdesand Renseanlegg, oppgradering	0	625 000	0	0
Hamrom vassverk, ny brunn	0	0	312 500	0
Kroken bustadfelt, veg 4 (lientomta)	0	0	250 000	0
ENØK-tiltak Lom Helseheim	4 000 000	1 390 000	1 370 000	0
ENØK-tiltak Lom Ungdomskule og Gamle Loar	250 000	645 000	0	380 000
ENØK-tiltak Drengjestugu/Steinfjosest	140 000	62 500	1 050 000	140 000
Lom Helseheim - pasientvarsling		187 500	1 875 000	
Lom Helseheim - solavskjerming av pasientrom i avdeling 1 og 2	137 500	0	0	0
Eggjalja - utskifting av vindauger på arbeidssenteret.	243 750	0	0	0
Kyrkjelydshuset. Oppgradering av el.-anlegg etter tilsyn. Rehabilitering av leilighet	156 250	0	0	0
Gamle Loar. - Solavskjerming	125 000	0	0	0
ENØK-tiltak Garmo oppvekstsenter			125 000	
Loar Barnehage - Utskifting av takoverflate på Losjehuset.		0	0	
Vatningsanlegg - grøntanlegg i sentrum	0	125 000	0	0
Loar Barnehage - bygning for soveplass og lagring av barnevogner.		750 000	0	
Tiltakspakke uteanlegg. Loar barnehage: Grind/tilkomst. Loar skule: Oppgrusing av fotballbane og grind ved storstabbur.	0	175 000	0	0
Loar skule - utskifting av ytterdører og montering av tilgangskontroll på tre bygg	0	0	675 000	0
Garmo oppvekstsenter. Masseutskifting/reasfaltering	0	0	375 000	0
Lom Ungdomskule. Utskifting av solavskjerming	0	0	0	125 000
Lom Ungdomskule. Montering av låsesystem på ytterdører.	0	0	137 500	0
Opparbeiding av parkering på tomt til tidlegare vaktentral. Behov frå Presthaugen og Loar skule	0	125 000	0	0
Riving av doktorgarden.	0	0	750 000	0
Hamrom. Justering av terreng og utskifting av trapp	0	200 000	0	0
Gamle Loar. Riving av to betongtrapper. Nye trapper i strekkmetall	0	150 000	0	0
Riving av kommunale utlegebustad, Nedre Ulstadveg nr. 8	0	375 000	0	0
Ferdigstilling av uteområdet Øvre Ulstadveg	0	0	125 000	0
Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)				
Vedlikehald av Kyrkjelydshuset	50 000	50 000	50 000	50 000
Oppvarming av Kyrkjelydshuset	25 000	25 000	25 000	25 000
Eggjalja. Underbudsjettert strøm	25 000	25 000	25 000	25 000
Reinhaldsartiklar, skule. Underbudsjettert	25 000	25 000	25 000	25 000

Kommentarar og merknadar til framlegg MTN på neste side 

Nye containerar

Innkjøp av 13 nye containerar til bruk for restavfall frå hytter, sætrer og fritidsbustader.

Lom kommune har sidan 2005 leigd containerar NGR. Lom kommune er tilbode å løysa ut containarane. Containerane har etter åra desse har vore i bruk eit stort behov for oppgradering. Kostnad med å kjøpe ut og oppgradere containerane er vurdert til å vera ulønsamt i forhold til innkjøp av nye.

NGR ynskjer å leggje om ordninga med innhenting av hushaldningspapir frå vegkanthenting til utplasserte containerar til neste år. NGR har prøvd ut ordninga nokre år i eit par andre kommunar, med gode erfaringar. Til formålet må det kjøpast inn og utplasserast fem containerar med spesielle luker for innkast av papir.

Lom miljøstasjon:*Oppgradering av el-installasjon:*

På grunn av tidlegare varmgang i sikringsskap er det behov for utskiftingar av materiell i sikringsskap.

Varmeutvikling har ført til utvikling av PVC klogass som fører til korrosjon på kobberoverflatar.

Overspenningsvern må byrast, samt oppgradering av uteljos med styring for å redusere straumforbruket.

Asfaltering:

Behov for fast underlag/asfalt ved mottak for hageavfall, fast underlag vil gjera forholda enklare for både tilsette og besøkande. Fast underlag vil føre til mindre stein i avfallet og dermed mindre risiko for skade på kvern og utstyr samt enklare levering av kverna avfall.

Veg Brubakken

Brubakken, veg med ein køyreretning og opphøgda gangfelt, gateljosanlegg, skilting mm. Trafikksikringstiltak ved barnehage og skuleområde. Reguleringsplanarbeide er igangsett. Det må søkjast om eksterne midlar FTU for delfinansiering av tiltaket.

Sikringstiltak Ulstad

Sikringstiltak mot skred og flaum Ulstad området. Tiltak i regi av NVE der det vil bli kravd distriktsandel som skal behandlast- eventuelt vedtakast med kommunevedtak. Kostnadsramme ca. 20,2 mill. kr. ved distriktsandel på 20 % bli dette ca. 4,0 mill. kr.

Kollavegen

Kollavegen restaurering, veganlegget ligg inne i nasjonal verneplan for vegrelaterte kulturminne. Norsk vegmuseum bidreg med tilsvarende beløp som kommunen.

Framlegg til kommunale midlar med kr 150 000,- årleg i ØK- plan periode. Dvs. årleg ramme på kr 300 000,-.

Galdesand RA, oppgradering

Oppgradering av anlegget med ny PLS/ automatikk, instrumentering, nye blåsemaskinar og doseringspumper.

Hamrom vv, ny brunn

Ny brunn for å auke kapasitet og betre forsyningsikkerheten. kr 250 000,-

Kroken bustadfelt, veg 4

Opparbeiding av veg 4 i reguleringsplan for Kroken bustadfelt, tiltaket kan gjennomførast etter at «Lientomt» er innløyst av kommunen. Tiltak i 2017 med kr 200 000,-.

ENØK-tiltak, Lom Helseheim.

Store oppvarmingskostnadar og manglande vedlikehald.

- 2018: Oppgradering av varmeanlegget er fyrste trinn i planlagd enøk-tiltak, saman med oppgradering av SD-anlegg med energioppfølging. Kostnad ca. 4 000 000.- Estimert innsparing: 235 000.- pr. år.
- 2019: Overgang til energivenlege ljøs. Kostnad ca. 1 390 000.- Estimert innsparing: 133 000.- pr. år.
- 2020: Oppgradering av tekniske anlegg. Kostnad ca. 1 370 000.- Estimert innsparing: 75 000.- pr. år.

ENØK-tiltak, Lom Ungdomsskule og Gamle Loar.

Store oppvarmingskostnadar og manglande vedlikehald. Varmeanlegget er svært vanskeleg å regulere, noko som og går utover innemiljøet. For å kunne innkassera ulike ENOVA-tilskot, må energileiing etablerast og prioriterast.

Energioppfølgingssystem og varmeanlegget har 1. prioritet.

- 2018: Gjennomspyling av radiatorer/ rensing av kanalar, termografering/ kartlegging. Soneinndeling og montering av energimålere Kostnad ca. 250 000.- Estimert innsparing: 20 000.- pr. år.
- 2019: Installasjon av SD-anlegg med energioppfølgingssystem. Oppgradering av varmeanlegg. 645 000.- Estimert innsparing 144 000.- pr. år.
- 2020: Montering av energivenlege ljøs ved Lom Ungdomsskule. 380 000.- Estimert Innsparing 37 000.- pr. år.

ENØK-tiltak, Drengjestugu og Steinfoset.

Store oppvarmingskostnadar og manglande vedlikehald. Energioppfølgingssystem, SD -anlegg og varmeanlegg er prioritert.

Beskrive i enøk-rapport.

- 2018: Gjennomspyling av radiatorer/ rensing av kanalar, termografering/ kartlegging. Soneinndeling og montering av energimålar. Kostnad ca, 140 000.- Estimert innsparing: 20 000.- pr. år.
- 2019: Installasjon av SD - anlegg for varme og ljøs med energioppfølgingssystem. 62 500.- Estimert innsparing: 5 000.- pr. år.
- 2020: Utskifting av dører og vindauger. Utskifting av ytterkledning og tilleggsisolering. Kostnad ca. 1 050 000.- Estimert innsparing: 15 000.- pr. år

Lom Helseheim. Pasientvarsling.

2018: Prosjektering.

2019: Konkurrans og utføring. Store utfordringar ved vedlikehald av dagens varslingsanlegg. Utskifting til pasientvarsling med dagens teknologi. HMS.

Lom Helseheim. Solavskjerming.

Manglande solavskjerming fører til svært varme rom og ein plagsam kvardag for sengeliggande.

Eggjalia. Utskifting av vindauger på arbeidssenteret.

ENØK/HMS/Oppgradering til dagens standard. Vindaugene kan ikkje opnast.

Kyrkjelydshuset. Oppgradering av el-anlegg etter tilsyn

Avvik etter eltilsyn fører til at ei leiligheit står ubrukt. Lukking av avvik og enkel rehabilitering må utførast om leiligheita skal nyttast.

Drengjestugu. Utvendig rehabilitering.

Ytterkledning er langt over si levetid.

ENØK-tiltak. Garmo oppvekstsenter.

Manglande solavskjerming fører til svært varme lokal på enkelte dagar.

El- kjele, beredere, ventilasjon, radiatorer, vassboren golvarme El- kjele skiftast ut / moderniserast og integrerast i SD. Beredere skiftast ut og integrerast i SD. Ventilasjon moderniserast og omlagt til VaV, integrerast i SD.

Byting / modernisering av radiatorar - integrering i SD.

Vassboren golvarme integrerast i SD, nye termostatar (lukka)

Utekompensering. EOS-styring

Innsparing etter beskrevne tiltak i perioda : 85 475 kWh/år.

Tiltak Støttefunksjonen

2018	2019	2020	2021
------	------	------	------

Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)

Regiondata	593750	625000-	625000	625000
ISY Proaktiv kommunale gebyr - går inn i gebyrbereking	375 000	0	0	0

Regiondata:

- Visma eOrdre – skal redusere dobbeltregistrering i faktureringsarbeidet.
- Mobil fakturagodkjenning (Godkjenning av fakturaer på mobile einingar).
- Oppgradering av «serverfarmen».
- Microsoft – lisensiering av «serverfarmen».

ISY PRO – aktiv:

Dette er eit system som handterer kommunale gebyr, og er integrert med Visma Fakturering.

System vil gjera samhandlinga mellom Støttefunksjonen og MTN meir sømlaus og digital.

I korte trekk har systemet desse funksjonane:

Innbyggjardialog med utveksling av meldingar.

Innbyggjar registrerer sjølv vassmålaren sin.

Rapportering digitalt frå transportør ved tøming av slam.

Automatisk oppdatering mot matrikkel, som sikrar at alle eigedomar blir med i fakturagrunnlaget, samt at grunnlaget vil vera oppdatert til ein kvar tid.

Investeringa blir med i gebyrgrunnlaget, og er dermed finansiert gjennom kommunale gebyr.

Tiltak administrasjonssjef

2018	2019	2020	2021
------	------	------	------

Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)

Prosjektlear/byggeleiar	750000	750000	750000	750000
Stilling til digitalisering	750000	750000	750000	750000

Prosjektlear/byggeleiar

Det er planlagt stor utbygging innan pleie og omsorg. Til dette prosjektet og komande byggeprosjekt kan kommunen vurdere å tilsette prosjektlear/byggeleiar. Alternativet er å kjøpe tenester (noko kommunen har gjort i nyleg gjennomførte byggeprosjekt). Vurdert kostnad til dette er kr 750.000.

Stillingsressurs digitalisering

Kommunen arbeider med digitalisering og effektivisering over tid. Dette er basert på at leiarane og tilsette elles gjennomfører dette. For å få dette koordinert med størst mogleg effekt kan ny stilling til digitalisering vurderast. Slik stillingsressurs kan og setja kommunen i stand til ekstern finansiering til dette utviklingsarbeidet. Vurdert kostnad til dette er kr 750.000.

Tiltak Pleie og omsorg

2018	2019	2020	2021
------	------	------	------

Investeringar (nye tiltak over 100 000 kroner)

	Inkl. 25% mva	Inkl. 25% mva	Inkl. 25% mva	Inkl. 25% mva
Velferdsteknologi	1 562 500	1 562 500	1 562 500	1 562 500
To tenestebilar til heimesjukepleia (ein ny og utskifting av ein)	700 000	700 000	700 000	700 000
Kokegryter på hovedkjøkenet	187 500	0	0	0
Kjølerom - utskifting av aggregat	150 000	0	0	0
Diverse utstyr til kjøkenet	150 000	0	0	0
Buss pleie og omsorg til bruk for køyring dagsenter og turar/aktivitetar.	625 000	0	0	0
Byggeprosjekt PLO sju omsorgsbustadar 1. etg	5 315 000	3 333 8750	0	0
Parkeringskjellar	5 839 375	17 518 125	0	0
Sjukeheimsrom	11 520 000	34 560 000	0	0
Nybygg omsorgsbustadar på Lien-tomta	0	29 586 250	29 586 250	0

Kommentarar og merknadar til framlegg frå pleie og omsorg på neste side



Gevinstrealisering ved ombygging til omsorgsbustader

Sektoren vil ikkje kunne lykkast fullt ut med meir effektiv drift/ innsparingar før prosjektet bygging av omsorgsbustadar og ombygging av institusjonen er gjennomført. Fyrst da, kan ein vurdere å redusere ei nattevakt i institusjonen og kunne spare ved reduksjon i innleie.

Rekruttering til nattevakter er utfordrande. Mange krev tilrettelagt arbeid grunna helseårsaker og kan ikkje ha nattevakter. Attendemeldingar frå einskilde nattevakter er at dei dett ut av faget og ikkje får brukt seg sjølve (difor er tre-delt turnus mest fagleg forsvarleg). Dersom talet nattevakter pr. natt vert redusert, vil det truleg forsterke vanskanane med å rekruttere til nattevakter.

For å kutte ei nattevakt i institusjonen, må det gjerast ei vurdering av brannberedskapen. Slik praksis er no, rykkjer personell frå institusjonen ut ved brannalarm i omsorgsbustadane, fysioterapiavdelinga og helsesenter. Dersom ein reduserer med ei nattevakt, lyt det koplast opp branntavle i miljøarbeidartenesta, slik at nattevakta der rykkjer ut ved brannalarm i omsorgsbustadane. Det er uforsvarleg at det ikkje blir att personell i sjukeavdelingane ved brannalarm, der du har alvorleg sjuke personar.

Dette gjeld også dersom ein får kameraovervaking.

Omsorgsbustadar, sju stk:

- Bebuarar får heimebaserte tenester
- Kan laga mat sjølve eller få matombringning, ete i omsorgsbustad eller i fellesareal
- Betalar alle utgifter sjølv (medisin, husleige, vaktmeister, straum, reinhald, mat, lege, hjelpemiddel frå hjelpemiddelsentralen)
- Gjev høve til å nytte personalet i heimetenestene og institusjon fleksibelt, t. d. nattvakt.

Korttidsavdeling:

Vurderast drifta av heimesjukepleia. Hemesjukepleia kan vurdere brukarane sine i høve til omsorgsnivå og nytte plassane fleksibelt etter vedtak. Sambruk av nattevakt heimesjukepleia/institusjon.

Skjerma avdeling og lett demensavdeling:

Lett demensavdeling må styrkast ressursmessig på dagtid slik som i skjerma for å drive miljøbehandling, ved at desse to avdelingane ligg fysisk ved sidan av kvarandre, kan ein nytte personalressursane meir fleksibelt, felles aktivitetar. Dette kan redusere innleie ved sambruk av personell og felles aktivitetar og evt. redusere ei nattevakt.

Langtidsavdeling tung pleie:

- Sambruk av nattvakt
- Sambruk av personalet elles

Stort fokus på å utveksle kapasitet mellom heimesjukepleia og institusjon.

Heimesjukepleia:

- Innføring av køyrelister og mobilprofil: gjer situasjonen for personale meir fleksibel – er ikkje avhengig av å reise inn att på kontoret for å oppdatere seg i pasientjournal eller for å dokumentere. Køyrelister gjev oversikt over dagen til den einskilde og gjev god oversikt over ressursbruken. Fordele brukarane meir effektivt på køyrelister; fordele etter geografi.

- Bruke heimehjelpsressursen meir medvete; heimehjelpene må brukast effektivt i heimesjukepleia og må brukast i institusjonen når brukarar dei har er på korttids-/avlastningsopphald. Nytte delar av heimehjelpsressursen i dagsenter for eldre tre dagar i veka. Fordele heimehjelpsmottakarane meir effektivt på køyrelister; fordele etter geografi.
- Dagsenter for eldre: vil føre til mindre press på institusjonsopphald og heimesjukepleietenester. Bidra til auka meistring og utsetje langtidsopphald. Gje innhald i kvardagen. Eigenandel. Bruke del av dagsenterressursen (aktivitøren) fleksibelt på brukarane i institusjon og dagsenter med omsyn til aktivitetar. Førebyggjande tiltak; ernæring, aktivitet, sosial omgang.
- Kvardagsrehabilitering: mest effektivt med rehabilitering i heimemiljøet, gjev større grad av meistring, utsetje institusjonsopphald.
- Velferdsteknologi – kamera, anna varsling (fall/rørsle) og multidosedispenserar. Multidosedispenser: pasienttryggleik – rett medisin til rett tid til rett person, auka meistring, fridom og sjølvstende hjå tenestemottakar, auka tryggleik hjå tenestemottakar og pårørande, funksjonar i fjernpleiesystemet, utsetje institusjonsopphald, redusere arbeidstoppar/stress hjå personalet, fordele ressursar/besøk jamt utover døgnet, redusere behovet for innleie, redusere behovet for auka personalressurs, frigjere helsepersonelltid til dei brukarane som har størst behov, moglegheit for auka kvalitet i kvart besøk, redusert tid til køyring, reduserte utgifter til drivstoff.
- Mål om å omstille 1-2 årsverk i med tanke på robust satsing på velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering.

Andre tiltak 2018:

- Redusere talet på møter mellom arbeidsgjevar og tillitsvald frå ein time annankvar mnd. til 1t/ halvår, møtet gjeld berre plasstv.
- Inntekter catering kjøken: 45 000 kr/år
- Inntekter eigenandel dagsenter for eldre, 7 plassar (avheng om tenesta vert tildelt som avlastningstiltak eller ikkje, avlastning er gratis)
- Kutte køyreutgifter til friviljuge som køyrer ut mat. Dei får ikkje køyregodtgjering tur-retur heime-base, må nytte heimesjukepleiebil: innsparing: om lag kr. 40 000,-

Investeringsiltak 2018:

- Velferdsteknologi: sjå punkt om multidosedispenser over.
- Ein bil i heimesjukepleia, erstatte havarert bil, vurderer gjerne el-bil (krev ladestasjon i nærleiken). For få tilgjengelege bilar gjer at vi må betale ut godtgjering til heimehjelpene for bruk av eigen bil, dette er dobbeltarbeid/betaling.
- Utstyr til kjøken: stor slitasje og kontinuerleg bruk – kvar einaste dag heile året!
- Buss til transport til og frå dagsenter, turar elles, gjev rom for fleksibel aktivitet, bidreg til meining i kvardagen
- Kokegryter: utslitte, tilrådd utskifta etter gjennomgang med Ivar Øyen v/ Storkjøkken og gasservice AS (brukt sidan kjøkenet var nytt på 90-talet)
- Kjøle- og fryseaggregat: utslitte, tilrådd utskifta etter gjennomgang med Ivar Øyen v/ Storkjøkken og gasservice AS

Tiltak Loar skule

	2018	2019	2020	2021
Investering (nye tiltak over 100 000 kroner)				
iPad - classesett 30 stk	187500	187500	0	0
Digitale tavler - 3 stk	93750	0	0	0
"Lomseggen" leikekapparat	150000	0	0	0

Digitale tavler og classesett med iPad:

Kunnskapsløftet 2006 seier at elevane i løpet av grunnskulen skal tileigne seg fem grunnleggjande dugleikar. Desse er lesing, skriving, munnleg dugleik, rekning og digital dugleik.

For å få grunnleggjande digital dugleik, må ein nå følgjande område:

Bruke og forstå

Inneber å kunne bruke og navigere på digitale ressursar i og utanfor nettverk og ivareta informasjons- og datasikkerheit. Vidare inneber det å følgje digitale formkrav for å understreke og formidle botskap ved bruk av effekter, bilete, lyd, illustrasjonar, tabellar, overskrifter og punkter.

For å få til dette treng vi digitalt utstyr.

Finne og handsama

Inneber å tilegne seg, handsama, tolke og vurdere informasjon frå digitale kjelder, utøvekjeldekritikk.

Produsere og bearbeide

Inneber å vera kreativ og skapande med bruk av digitale ressursar.

Lage digitale produkt ved hjelp av digitale ressursar, anten ved nyskaping eller vidareutvikling og gjenbruk.

Kommunisere og samhandla

Inneber å kunne bruke digitale ressursar for kommunikasjon og samhandling. Digital samhandling inneber bruk av digitale

ressursar til planlegging, organisering og gjennomføring av læringsarbeid saman med andre, til dømes gjennom samskriving og deling.

Utøve digital dømmekraft

Inneber å følgje reglar for personvern og vise omsyn til andre på nett. Det handlar om å bruke strategiar for å unngå unødige hendingar og å vise evne til etisk refleksjon og vurdering av eiga rolle på nett og i sosiale media.

Korleis vert digital dugleik utvikla?

Digital dugleik vert utvikla gjennom å bruke digitale ressursar. Det inneber å nytte digitale ressursar for å tileigne seg fagleg kunnskap og til å uttrykkje eiga kompetanse. I dette ligg det òg auka grad av sjølvstende og dømmekraft i val og bruk av digitale ressursar.

For å nå dette må skulen ha tilgang på digitale ressursar. Vi har god nytte av dei digitale tavlene vi har til no og ønskjer å få tre til for å få i dei romma vi driv fast undervisning i. Lærarane brukar no tavlebok som er på digital tavle for å syne til elevane og for å arbeide felles.

Skulen har eit datarom med elevpcar. Dette rommet er flittig brukt, men det er svært lite fleksibelt med eit fast rom. Vi ønskjer difor å supplere med iPadar til bruk i undervisning. Vi har pr. no sju stk, ein til kvar klasse. Desse er godt teke i bruk og ofte lånt ut så ei klasse kan ha fleire enn ein.

Del III - Økonomiplanen: vurdering av prioriteringar

Moment til vurdering av prioriteringar i økonomiplanen

Med alle foreslåtte investeringsprosjekt, viser det seg at vi får ei utfordrande budsjettbalanse framover. Det må gjennomførast reduksjonar av budsjettet for å få dette i balanse. Slik situasjonen er nå, kjem ein ikkje utanom ytterlegare reduksjon i stillingar.

Økonomiplanen syner behov for innsparingar slik: Manglande inndekking for å oppnå 2 % netto driftsresultat etter vedteken økonomisk handlingsregel)

2018	2019	2020	2021
750 000	1 253 000	2 678 000	1 688 000

Skule

Skuleår	Loar skule		Lom ungdomsskule	
	Elevar	Klassar	Elevar	Klassar
2018/2019	154	8	90	5
2019/2020	158	9	83	4
2020/2021	164	9	67	3
2021/2022	163	9	70	3

Loar skule har eit auka behov på eitt årsverk frå hausten 2019. Det kan bli noko reduksjon, usikkert kor mykje enda. Vi estimerer med eitt årsverk.

Økonomiplanen er retningsgjevande, perioda 2019 - 2021 er estimert på ein best mogleg måte ut i frå det vi kjenner til i dag.

Barnehagen

Det er fødte få ungar i 2017, slik at kullet som kjem inn i barnehagen frå hausten 2018 vil vera mindre, og difor eit behov for færre tilsette med 2,2 årsverk. Dette er vidareført inn i økonomiplanperioden.

Miljø, teknisk, næring

Ei 50 % vaktmeister - stilling er stilt vakant i 2018, og dette er vidareført inn i økonomiplanen.

Helse og velferd

Ei 50 % stilling som miljøarbeidar innan flyktingetenesta er stilt vakant framover økonomiplanperioden.

Omsorgsbustadar og institusjonsplasser

Sju omsorgsbustader i knytning til nye institusjonsplasser har ei investeringsutgift på kr. 30 923 000,-(eks. mva).

Dei sju omsorgsbustadene vil isolert sett medføra auka kapitalutgifter på kr 1 107 000 pr. år det fyste heile år. I tillegg må ein rekne med auke i forsikringsutgiftgifer, auke i straumutgifter, auka behov for vaktmeister og reinhaldspersonale.

I økonomiplanen er det lagt til grunn ei husleige pr. mnd. på kr. 9 000 for dei nye omsorgsbustadane. Dette er etter planen lagt inn frå 2020.

Ein vurderer 1,8 årsverks stillingsreduksjon i nattevaktstillingar tilsvarande 1,4 mill.

I tillegg skal det byggast omsorgsbustader på «Lientomta» til ei utgift på kr 47 338 000,-. Institusjonsplassane har ei investeringsutgift på kr. 36 864 000. Parkeringskjellaren har ei investeringsutgift på kr. 18 686 000. (alle beløp eks. mva)

Institusjonsplassane på «Lientomta» vil auke husleigeinntekta med kr. 864 000. Det er lagt til grunn same husleige som på dei andre omsorgsbustadene.

Tabellen på side 38 (Kalkyle bygging pleie og omsorg -ca utgifter pr år) syner ca. utgifter kvar for seg og samla for investeringane, med konsekvens på balansesituasjonen for kommunen. Det er føresett same overføring frå staten som i dag. Tabellen syner utgiftene for eitt år. Dette er anslag, og det må arbeidast vidare med dette i eit eventuelt detaljprosjekt.

- Del IV -

Administrasjonssjefen sitt forslag



Del IV - Administrasjonssjefen sitt forslag

4.1 Prioriteringar og innsparingar og konsekvensar i budsjettet

Innleiing

Ved start av budsjettarbeidet med vidareføring av justert budsjett 2017 korrigert for auka utgifter til løn og pensjon og enkeltvedtak, starta kommunen med ei underdekning


på ca. kr. 10,5 mill. dei vesentlege årsaken til dette er gjort rede for i dokumentet. Oversikta under er meint som ei synleggjering av tiltak og endringar som er foreslått for å finne balanse.

Anslag endring i Lom kommune sitt utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tenesteområde som fylgje av befolkningsendring (endring frå 1.1.2017)

Endring i utgiftsbehov per 1.1	Pleie- og omsorg	Grunnskule	Barnehage	Sosial	Kommune- helse	Barnevern	SUM LOM
2018	-2 316	-1 048	916	-55	-134	-77	-2 713
2019	-546	-131	403	-50	44	-16	-295
2020	214	-262	-1 241	-60	-11	-76	-1 436
2021	2 682	-917	-256	-100	138	-61	1 486
2022	-1 087	131	0	-49	-15	-1	-1 021
2023	577	-786	177	-77	77	-43	-73
2024	2 304	655	177	-35	84	0	3 185
2025	962	-655	354	-51	70	-32	648
2026	2 009	655	49	-50	45	35	2 742
2027	2 685	-655	354	-68	149	-32	2 433

Kjelde: «KS-modell berekning av utgiftsbehov»

Endra utgiftsbehov grunna endra demografi 2017 - 2027



Tabellen syner endring i utgiftsbehov etter endring i demografi. Endringane er sett i forhold til nivået i 2017. Tabellen viser at det er redusert utgiftsbehov innan pleie- og omsorg og skule. Det er og redusert behov innan sosial, kommunehelse og barnevern. Når det gjeld barnevern, så har Lom hatt låge utgifter til denne tenesta. Innan pleie- og omsorg er det dokumentert høg ressursbruk i forhold til samanliknbare kommunar. Dette gjer at det må settast ekstra fokus på å identifisere aktuelle tiltak for å spare ressursar

her. Dette må sjåast opp i mot omstillingsprosessen som er under arbeid.

Skulane har og vist ressursbruk over samanliknbare kommunar.

Innan alle tenester er effektiviseringsgevinsten på 0,5 % lagt inn i budsjettet. Regjeringa har forutsett slik effektiviseringsgevinst i sitt framlegg til statsbudsjett utan at dette er spesifisert nærare. Dette må da sjåast på som ei utfordring som kommunane sjølv må løyse.

Synleggjering og vurdering frå det enkelte tenesteområde

Støttefunksjonen

Det er gjennomført generell reduksjon av ramma på ca. kr. 630 000 i forhold til justert budsjett 2017. Dette inkluderer og fleire postar som ligg utanfor det som er driftsutgifter innan Støttefunksjonen, som Regiondata, reduserte renteutgifter, redusert utbytte, redusert inntekt på ansvarleg lån mm.

Av aktuelle effektiviseringstiltak kan nemnast å få fleire innbyggjarar til å nytte nettbank, og dermed spare portoutgifter. Det skal gjennomførast ein kampanje saman med Sparebank1 Lom og Skjåk for å få effekt av dette.

Det er tre lærlingar i budsjettforslaget for 2018.

Pensjonsutgiftene er vanskelege å budsjettere og blir påverka av fleire faktorar. Vi har nytta estimat frå KLP, men har lagt oss på eit litt lågare nivå. Årsaken til dette er m.a. at deira prognose er høgare enn SSB si prognose. Attendeført overskot frå KLP er estimert lågt sett i forhold til attendeføringane dei siste åra. Dette blir lagt til grunn for vår sjølvstendige vurdering.

Konsesjonskraft er auka frå 2017 – budsjettet, med kr 1 000 000 til netto kr. 5 450 000. Denne summen går inn i driftsbudsjettet for 2018.

Smådølautbygginga:

Utbyggingsavtala kan for 2018 gje oss kr 100 000 mindre i inntekt enn i 2017. Bakgrunnen for dette er lågare kraftpris.

Vurdering av konsekvensar

Fleire postar av vesentleg karakter ligg i budsjettet til støttefunksjonen (m.a. rammetilskot, skatt, overføringar frå staten, konsesjonskraft). Endringar av desse må følgjast nøye og må vurderast i høve justering av budsjett.

Servicetorg, informasjon og kultur

Det er gjennomført generell reduksjon av ramma.

Aktivitetstilbod til barn og unge, ungdomsklubben, blir foreslått teke ut av budsjettet. Ungdomsklubben og aktiviteten av denne har vore finansiert med eit disposisjonsfond «rusforebyggjande arbeid blant barn og unge». Dette fører til reduserte utgifter med ca. kr. 200 000.

Tilskot til lag og organisasjonar er foreslått redusert med kr. 90 000. Tilskot til idrett

er foreslått redusert med kr. 40 000.

Tilskot til Lom kyrkjelege råd blir foreslått redusert med kr. 50 000.

Overskot av skjenkeavgifter på kr. 80 000 blir teke inn i drifta.

Sal av bygdebøker med kr. 50 000 blir foreslått teke inn i drifta.

Vurdering av konsekvensar

Det blir foreslått reduksjonar innan fleire område som gjeld eksterne aktørar og mottakarar av tilskot. Dei fleste av desse er ikkje pålagt aktivitet etter lov. I og med at det blir foreslått betydelege kutt innan lovpålagte oppgaver blir dette vurdert som aktuelt. Dette vil ha konsekvensar for mottakarane som da må gjera ei vurdering av deira aktivitet vidare med tilpassingar av aktivitet eller finansiering evt i form av brukarbetalingar.

Loar skule

Budsjettet til Loar skule er justert etter behov ved skulen. Dette gjeld talet på elevar og vedtak som blir gjeldande for drifta slik kommunen har oversikt pr i dag. Dette fører til reduksjon i stillingar som følgje av endeleg budsjettvedtak. For budsjettåret 2018 vil endring i talet på tilsette gje effekt frå august månad, noko som gjev 5/12-årseffekt i budsjett.

Det er arbeid med å ta ned driftsnivået, noko som kan ha ei heilårseffekt på kr. 1 900 000 frå 2019. Tala framover er sjølv sagt usikre, og kan svinge i takt med behovet for ekstratiltak innan f.eks spesialundervisning.

Lom ungdomsskule

Som ved Loar skule, er det arbeid med å ta ned driftsnivået. Det betyr tilpassing av talet på tilsette etter oppdatert elevtal og styrande vedtak. Endeleg budsjettvedtak blir styrande for dette. Dette kan frå 2019 ha ein heilårseffekt på kr. 1 300 000. Som ved Loar skule, er tala framover usikre.

Vurdering av konsekvensar Loar og LUS

Det vil bli lågare lærardekning i undervisning, større arbeidsmengde pr lærar og lågare grad av oppfølging av klassene. Dette kan føre til auke i spesialundervisning, og kan på sikt påverke elevresultata. Reduksjon i driftsutgifter er på eit lågt nivå.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring og grunnskuleundervisning av vaksne framandspråklege får i 2018 kr. 800 000 mindre i tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag

Vurdering av konsekvensar

Kommunen lyt sjølv dekke inn dette. Det vil vera dyrare for kommunen å kjøpa tilsvarande plassar i andre kommuner.

Barnehage

Brukarbetaling i barnehagen blir justert etter nye reglar om at maksimal foreldrebetaling ikkje skal overstige 6 % av føresette sin inntekt. På grunn av få fødde i 2017, blir det lagt inn reduksjon i stillingar. Dette vil vera gjeldande frå august 2018 og følgje budsjettvedtaket. Som tidlegare år må det vurderast i løpet av driftsåret etter søknadane om plass frå hausten er vurdert.

For å dekke opp utgiftene med pedagognormen, er det lagt inn i overføringane frå staten kr. 158 000.

Vurdering av konsekvensar

Bemanninga i barnehagen er i tråd med det som er foreslått lovfesta bemannings- og pedagognorm. Det at bemanninga er justert ned på dette nivået betyr at det er sårbart i høve fråvær i personalet og redusert fleksibilitet i å ta inn barn i løpet av året.

Miljø, teknisk, næring

Driftsnivået er foreslått redusert tilsvarande 50 % stilling innan drift, vedlikehald og vaktmesterteneste.

Stillinga som kommunalsjef er ikkje inne i budsjettet.

Stillingsressurs som ligg inne på landbruk blir foreslått uendra. Det betyr at det ikkje ligg inne tenestekjøp frå vertskommune i framlegget slik at at dette i første omgang må vurderast handtert innanfor gjeldande budsjettamme. Dette må vurderast på nytt når avklaring på evt. vertskommunesamarbeid ligg føre evt. at tenestekjøp blir vidareført. Det er foreslått reduksjon i tilskot til reiseliv og landbruk med kr 50.000 kvar. Det er derimot lagt inn eit nytt tilskot i budsjettframlegget som går til skogbruk med kr 150.000 i budsjettvedtaket (dette har tidlegare vore løyvd som enkeltvedtak). Reduksjonane er grunngjeve på same måte som reduksjonar som blir foreslått elles i kommunen m.a. til friviljug sektor.

Vurdering av konsekvensar

Reduserte tilskot til reiseliv og landbruk fører til at deira aktivitet må tilpassast dette. Reduksjon i stilling innan drift, vedlikehald og vaktmesterteneste vil føre til større arbeidspress på den enkelte vaktmester og/eller nedprioritering av oppgåver. Over tid vil dette påverke vedlikehald og standard på bygningar og anlegg elles, og vil auke vedlikehaldsetterslepet. Lovpålagte oppgåver må prioriterast og det blir redusert høve til å bidra innan oppgåver som ligg på andre tenestemråde (Brukartenester, grøntanlegg, levering/montering av utstyr i heimane (alarmar, utkøyring av hjelpemiddel oppfølging av flyktningar som døme på dette). Manglande leiarressurs fører til redusert leiaroppfølging.

Utgard

Inntektsbudsjettet er foreslått auka med kr. 260 000, bl.a. på grunn avtalegjennomgang med Oppland Fylkeskommune. Avtalen med isolert sett er estimert til kr. 150 000.

Utgiftsbudsjettet er redusert med kr. ca. kr 150 000. Dette gjeld fleire driftspostar, m.a. kr 50.000 i kurspost.

Vurdering av konsekvensar

Foreslåtte tiltak blir ikkje vurdert til å ha vesentlege konsekvensar. Det blir arbeidd vidare med tilpassing av varme- og ventilasjonsanlegg for å avdekke manglar og evt ansvarleggjera leverandørar. Dette kan føre til betre energidisponering i bygget. Det vil vera tett dialog med leigetakar (Oppland Fylkeskommune) for å vurdere justering av aktivitetsnivå som verkar inn på FDV-kostnadane totalt sett (reinhaldd og vaktmesterressurs som døme)

Helse- og velferd

Staten har overført ansvaret for friviljugsentralane til kommunane frå 2017. Overføringane ligg i den frie ramma, men er synleggjort i inntektssystemet. Beløpet som er synleggjort i inntektssystemet er kr. 392 000 for 2018. Dette skapar lett feil oppfatning om at dette er eit beløp som friviljugsentralane har rett på, men dette er det opp til politisk nivå i den enkelte kommune å gjera vedtak om. Før ansvaret vart lagt over på kommunane, fekk Friviljugsentralen i Lom kr. 140 000 i overføringar, med tillegg av administrative tenester. Det blir foreslått å overføre kr. 400 000. Dette er ein reduksjon på kr. 50 000 i forhold til budsjettet for 2017.

Under legetenesta blir overføringane til Sel kommune redusert med kr. 179 000.

Legevaktsamarbeider aukar med kr. 229 000 da Nord-Fron og Sør-Fron kommunar trekker seg ut av samarbeidet.

Intermediære sengeplassar ved NGLMS er redusert med kr. 162 000, til kr. 1 157 000.

Overføringane til Skjåk innan samarbeid om barnevernstenesta er auka med kr. 227 000. Dette skuldast i vesentleg grad etablering av barnevernsvakt.

Utgifter til besøksheim er redusert med kr. 228 000, og fosterheimsutgifter er redusert med kr. 325 000.

Driftsnivået innan flyktningetenesta er redusert tilsvarande kr. 240 000. introduksjonsordninga har eit redusert budsjett med kr. 2 430 000. Dette på grunn av at Lom kommune ikkje får flyktningar i 2018. På grunn av dette får vi og redusert integreringstilskot med kr 4 330 000.

Reduksjon av tilbodet ved frisklivssentralen Forslaget er å stille 20% frisklivsrettleiar vakant i 2018. Stillingsinnhavar har søkt og fått permisjon.

Regjeringa har lagt inn i overføringane kr. 302 000 til styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta. Ressursinnsatsen i helsestasjon og skulehelsetenesta er likevel ikkje auka tilsvarande.

Vurdering av konsekvensar

Reduksjon av aktivitet ved frisklivssentralen blir ikkje vurdert til å vera av vesentleg karakter. Reduksjon i miljøarbeidartenesta øyremerka flyktningar blir sett opp i mot at det ikkje blir busetjing av nye flyktningar i 2018. Arbeidet blir forutsett løyst av flyktningkonsulent. Denne må da vera førebudd på også å utføre noko miljøarbeid hjå busette flyktningar/ barnefamiljar. Dei andre endringane blir vurdert til vera i tråd med endring av forutsetningar (redusert etterspørsel og konsekvensar av forpliktande samarbeid).

Pleie- og omsorg

Det blir vist til omstillingsprosessen for pleie og omsorg. Gjennom budsjettprosessen, har ein over det heile vurdert å justere ned nivået på drifta. Etter KOSTRA – tal for 2016 har PO høg ressursbruk. Dette er antageleg noko

redusert for 2017 når KOSTRA-tal ligg føre. Prognoser syner og at utgiftsbehovet innan PO er mindre i 2018 og 2019 enn det var i 2017.

Driftsnivået er teke ned med kr. 1 429 000, som heilårseffekt. Dette gjeld stillingar og endeleg nivå må tilpassast etter endeleg budsjettvedtak. Blant desse kan vurderast stillingar som aktivitør, heimhjelpsressurs, seinvakt skjerma avdeling og vurdering av flytting av arbeidssenter.

Det er elles reduksjon i tidlegare øyremerka tilskot på m.a. kr 775.000 i undervisningsheimeteneste. Det har elles vore ein nøyte gjennomgang av andre driftsutgifter.

Vurdering av konsekvensar

Reduserte stillingsressursar vil kunne gjennomførast ved naturleg avgang og at det ikkje blir forlenga arbeidsavtaler. Bemanninga i institusjon er marginal slik den er (det blir vist til bleietyngde). Reduksjon i stillingar kan føre til sjukemeldingar, overtid/forskyving, meirarbeid i høve til innleie osv. Reduksjon i aktivitørstilling vil føre til større press på pleiepersonalet i institusjon som har marginal bemanning frå før. Det vil marginalisere innhald i dagen for pasientane og skape større uro i kvalitet i kvardagen for brukarane. Dagsenter for heimebuande eldre, 7 plassar med eigenandel i avdeling 3, kan ikkje realiserast. Dette som førebyggjande tiltak og ledd i omsorgstrappa, fell bort og ein lettar ikkje presset mot institusjonen.

Reduksjon av seinvakt skjerma avdeling (1,1 stilling) vil føre til redusert moglegheit til å drive miljøbehandling og individuelle tiltak. Vidare kan dette gje auka uro hjå pasientane, auka medisinsbruk og større slitasje på personalet

Generelle konsekvensar for pleie og omsorg som flg av reduksjon bemanning: dette krev nye turnusar, reduksjon stillingsstorleikar, fare for å misse kompetanse, meir utfordrande å rekruttere kompetanse. Særleg utfordring å bemanne opp helger (ingen vil ha berre helgestillingar), større slitasje på personalet, ikkje rom for kompetanseheving og redusert kvalitet i tenestene med fleire avvik.

**Vesentlege endringar av inntekter og utgifter
etter rullering av økonomiplanen i juni 2017**

			2 018
			-4 850 000
Underbalanse i Økonomiplanen:			
Driftsinntekter:	Auka inntekt	Redusert inntekt	Endring inntekt
Auka inntekt konsesjonskraft	1 029 000		1 029 000
Erstatning Smådøla -mindre inntekt		-100 000	-100 000
Redusert eigedomsskatt Lom sentrum		-350 000	-350 000
Redusert eigedomsskatt på kraftverk		-945 000	-945 000
Redusert integreringstilskot		-4 328 000	-4 328 000
Redusert inntekt langtids og korttidsopphald helseheimen		-540 000	-540 000
Redusert øymerka tilskot og ref. frå Staten Pleie- og omsorg		-834 000	-834 000
Redusert øymerka tilskot andre og ref. frå Staten andre		-391 000	-391 000
Redusert tilskot vaksenopplæring - busette flyktningar		-804 000	-804 000
Lærlingkontor auka mindre inntekt		-300 000	-300 000
Sum vesentleg netto endring driftsinntekter			-7 563 000
Driftsutgifter:	Auka utgift	Redusert utgift	Sum endring utgift
Redusert husleige mm Midtgard AS		254 000	254 000
Redusert utgift introduksjonsordningen		2 430 000	2 430 000
Auke revisjon og kontroll	-75 000		-75 000
Skuleskyss auka utgift	-300 000		-300 000
Auke utgift legevaktvarsling - betaling til NGLMS	-162 000		-162 000
Auke Barnevern - barnevernsvakt	-227 000		-227 000
Auke lønn	-962 000		-962 000
Sum vesentlege netto endring driftsutgifter			975 000
Sum vesentlege endringar inntekter og utgifter			-6 588 000
Finansinntekter:	Auka utgift	Redusert utgift	Sum endring utgift
Meirutbyte Eidefoss	600 000		600 000
Mindre renteinntekter		-120 000	-120 000
Sum vesentleg endring finansinntekter			480 000
Finansutgifter:	Auka utgift	Redusert utgift	Sum endring utgift
Mindre renteutgifter		806 000	806 000
Auka avdrag lån	-346 000		-346 000
Sum endra finansutgifter			460 000
Sum endra balansesituasjon før budsjettarbeidet			-10 498 000
Forslag til tiltak for å finne balanse:			
Inntekter:			
Auka brukarbetaling barnehage	670 000	0	670 000
Sum tiltak inntekter	670 000	0	670 000
Utgifter:			
Diverse reduksjonar Støttefunksjonen		630 000	630 000
Redusert utgift besøksheim		228 000	228 000
Redusert utgift fosterheim		235 000	235 000
Redusert utgift avlastning fosterheim		92 000	92 000
Samfunnsmedisin - Redusert utgift		179 000	179 000
Generell effektiviseringseffekt på 0,5 % (som i statsbudsjettet)		907 000	907 000
Ikkje vidareført rammereduksjon for pleie og omsorg		1 000 000	1 000 000
Reduksjon i stillingar Loar skule frå august		730 000	730 000
Reduksjon i stillingar Lom ungdomsskule frå august		590 000	590 000
Reduksjon i stillingar barnehagane frå august		535 000	535 000
Reduksjon i stillingar MTN, avd. ing. bygg		290 000	290 000
Reduksjon i stillingar kultur, bibliotek og ungdomsarbeid		130 000	130 000
Reduksjon i stillingar Helse- og velferd		370 000	370 000
Reduksjon i stillingar Pleie- og omsorg		1 429 000	1 429 000
Sum tiltak driftsutgifter			7 345 000
Diverse endringar drift			1 956 107
Netto underbalanse dekt av fond "Endring i rammeoverføringar"			543 893
Balanse			0

Desse tiltaka ved reduksjonar i stillingar gjev heilårseffekt frå 2019 slik:

Reduksjon i stillingar Loar skule frå august	1 900 000
Reduksjon i stillingar Lom ungdomsskule frå august	1 300 000
Reduksjon i stillingar barnehagane frå august	880 000
Reduksjon i stillingar Miljø-, teknisk og næring, avd. ing. bygg	290 000
Reduksjon i stillingar kultur, bibliotek og ungdomsarbeid	130 000
Reduksjon i stillingar Helse- og velferd	370 000
Reduksjon i stillingar Pleie- og omsorg	1 429 000
Sum tiltak (heilårseffekt frå 2019)	6 299 000

4.2 Budsjett og økonomiplan opp mot den økonomiske handlingsregel

Oppstillinga nedanfor viser økonomien etter vedteken handlingsregel.

Handlingsregel

	2018	Handlingsregel	Avvik
Driftsinntekter	227 225 019		
Justert netto driftsresultat	3 542 537	4 544 500	1 001 963
Justert netto drift i % av driftsinntekter	1,6 %	2,00 %	
Disposisjonsfond	18 100 000	22 722 502	4 622 502
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	8,0 %	10 %	
Netto lånegjeld	255 940 000	147 696 262	108 243 738
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	113 %	65 %	

Netto driftsresultat:

Netto driftsresultat er justert for bruk og avsetning av bundne fond og premieavvik. Som vi ser er netto driftsresultat under målsettinga om 2 % justert netto driftsresultat.

Disposisjonsfondet:

Etter budsjettet, er disposisjonsfondet på 8,0 % av driftsinntektene, noko som er kr. 4,6 millionar under målsettinga. Dette er samla disposisjonsfond for kommunen, noko som er ei anna synleggjering av disposisjonsfondet enn det som kjem fram på tabellen «Fondskapital». Den tabellen syner disposisjonsfond som ikkje er øymerka. Vi vil ligge under målsettinga om 10 % disposisjonsfond av driftsinntektene heile økonomiplanperioden.

Pleie- og omsorg er inne i ein større omstillingsprosess, som og medfører store investeringar. Det må arbeidast med prosjektet i 2018, med tanke på å etablere sikrere tal.

Dette er ei stor omlegging, slik at estimata fortsatt er svært usikre. Det må arbeidast med økonomiplanen i 2018, med tanke på å få etablert sikrere tal.

Lånegjeld:

I 2018 har vi investeringar som krev eit låneopptak på kr. 27 000 000.

I 2019 må vi ha eit låneopptak på kr. 62 777 000, i 2020 eit låneopptak på kr. 20 193 000 og i 2021 på kr. 4 535 000. Dette fører til at vi får ei auka gjeld frå 233 000 000 til kr. 313 421 000. Innbakt i denne gjelda er etableringslån (lån fort vidare utlån), lån til investeringar innan VAR – området. Korte renter vil vera omtrentleg uendra, medan renta framover syner ein svak oppgang mot 2021. (Kilde: Kommunalbanken).

Opp i mot lån vi har renterisiko på, kan vi vurdere overskuddslividitene som er på omtrentleg same nivå som lån med renterisiko. Dette gjer at netto renteendring ikkje vil få dei store renteverknadene om renta aukar. Ved renteauke får vi sjølvstgt og auka renteinntekt på omlag som renteauka på dei låna som er vurdert til å ha renterisiko.

Framskriving vedteken handlingsregel fram til 2021 (fortset på neste side)

Handlingsregel	2018			2019		
	Budsjett	Handlingsregel	Avvik	Budsjett	Handlingsregel	Avvik
Driftsinntekter	227 225 019			225 978 919		
Justert netto driftsresultat	3 542 537	4 544 500	1 001 963	4 086 430	4 519 578	433 148
Justert netto drift i % av driftsinntekter	1,6 %	2,00 %		1,8 %	2,00 %	
Disposisjonsfond*	18 100 000	22 722 502	4 622 502	18 100 000	22 597 892	4 497 892
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	8,0 %	10 %		8,0 %	10 %	
Netto lånegjeld	255 940 000	147 696 262	108 243 738	310 069 000	146 886 297	163 182 703
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	113 %	65 %		137 %	65 %	

Handlingsregel	2020			2021		
	Budsjett	Handlingsregel	Avvik	Budsjett	Handlingsregel	Avvik
Driftsinntekter	225 915 519			227 523 019		
Justert netto driftsresultat	4 086 430	4 518 310	431 880	4 086 430	4 550 460	464 030
Justert netto drift i % av driftsinntekter	1,8 %	2,00 %		1,8 %	2,00 %	
Disposisjonsfond*	18 100 000	22 591 552	4 491 552	18 100 000	22 752 302	4 652 302
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	8,0 %	10 %		8,0 %	10 %	
Netto lånegjeld	319 848 000	146 845 087	173 002 913	313 421 000	147 889 962	165 531 038
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	142 %	65 %		138 %	65 %	

*1) Disposisjonsfondet er samla disp.fond, og er ikkje det same som blir vist i tabellen om fondskapital. Dette er estimert med bl.a. årsoppgjørsdiposisjoner frå 2016.

4.3 Innstilling frå administrasjonssjefen

4.3.1 Skattevedtak

Med grunnlag i eigedomsskattelova §§ 2 og 3e, skal eigedomsskatt skrivast ut etter desse alternativa for skatteåret 2018:

Faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, jfr. KS-sak 125/75.

Verker og bruk i heile kommunen.

Den generelle skattesatsen for dei skattepliktige eigedomane blir for 2018 sett til 7 promille, jfr. esktl. § 13 fyste ledd. Skattesatsen blir differensiert med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a. For bustadar / bueiningar og fritidseigedomar, blir skattesatsen sett til 3,2

promille.

Alle sjølvstendige bueiningar skal ha eit bottenfrådrag på kr 450 000 som skal trekkast frå takstverdien, jfr. esktl. § 11 andre ledd.

Nyoppførte bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad er fritekne for eigedomsskatt i 10 år (eigedomsskattelova § 7 bokstav c) inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidligare vedtekne vedtekter.

4.3.2 Diverse vedtak

Underbalansen for 2018 på kr. 543 893 blir dekt frå disposisjonsfondet.

4.3.4 Driftsinntekter - forslag til satsar

Kap. Driftsinntekter: Forslag til satsar	2017	2018
4.3.4.1 - Satsar for musikk-og kulturskulen pr. år:		
Eineundervisning og dans	2480	2600
Gruppeundervisning drama og formgjeving	1250	1400
Leige av instrument	520	600
Syskenmoderasjon: For barn nr. 2 - 40%, for barn nr. 3 - 50%. Moderasjonen gjeld ikkje dans, drama og formgjeving		
4.3.4.2 - Satsar for skulefritidsordninga(SFO) pr. mnd:		
15 timar og meir i veka	2050	2050
Til og med 14 timar pr. veke	1300	1300
Dagsats	320	320
Timesats	100	100
4.3.4.3 - Satsar for barnehagen, pr. mnd:		
Fem dagar i veka(maksimalsats)	2730	2910
Fire dagar i veka	2500	2700
Tre dagar i veka	2200	2500
Einskild dag	250	350
4.3.4.4 - Opphald på helseheimen		
Jamfør rundskriv I 47/48 frå Helse og Sosialdepartementet		
4.3.4.5 - Husleige kommunale bustadar		
Husleige for trygdebustad, alderspensjonat og omsorgsbustad blir foreslått auka som konsumprisindeksen, endring jfr. avtale		
4.3.4.6 - Satsar for heimehjelp		
Inntekt under 2G	1	1
Inntekt frå 2G og under 3G	845	870
Inntekt frå 3G og under 4G	1123	1157
Inntekt frå 4G og under 5G	1545	1591
Inntekt frå 5G og over	2112	2175
Satsane er heimla i Forskrift om vederlag for sosiale tenester. administrasjonen har fullmakt til å endra satsane i samsvar med rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet		
4.3.4.7 - Tryggleiksalarm		
Pris pr. mnd. for tryggleiksalarm	223	230
4.3.4.8 - Matlevering / kantine helseheimen		
Middag levert i heimen og for sal i kantina	80	85
Frokost i kantina	40	45
Lunsj	-	30
4.3.3.9 - Dagsenter		
Dagsenter heimebuande pr. dag	-	175
4.3.3.10 - Satsar for fellingsavgift		
Elg, vaksne dyr (1½ år og eldre)	500	500
Elg, kalv	300	300
Hjort, vakse dyr (1½ år og eldre)	375	375
Hjort, kalv	225	225

Med heimel i "Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort" blir fellingsavgiftene for elg og hjort i Lom kommune auka til gjeldande maksimalsatsar

¹: Blir justert i samsvar med rundskriv I-1/2018 frå Helse- og omsorgsdepartementet.

4.3.5 Godtgjersle til folkevalde

Godtgjersle til folkevalde følger det til kvar tid gjeldande reglement.

4.3.6 Fullmakt til administrasjonssjefen

Administrasjonssjefen får fullmakt til å saldere budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 ved å justere avsetjing til disposisjonsfond.

4.3.7 Overføringer til andre

Mottakar	2017	2018	Endring
Regionrådet	409 000	408 585	415
Revisjon og kontrollutval	596 000	658 565	-62 565
Regiondata	1 864 000	1 915 000	-51 000
IT-samarbeid med Skjåk kommune	655 000	796 000	-141 000
Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap:			
• <i>Renovasjon</i>	208 000	212 000	-4 000
• <i>Restavfall</i>	1 435 000	1 464 000	-29 000
• <i>Miljøstasjon</i>	378 000	386 000	-8 000
Barnevern, samarbeid med Skjåk kommune(gjeld barnevernsvakt)	700 000	927 000	-227 000
Samarbeid med NAV - Gjeldsrådgjeving	118 000	118 000	0
*NAV Lom og Skjåk	1 310 000	1 356 000	-46 000
Overføringer til Vågå kommune:			
• <i>Skatteoppkrevjar</i>	278 000	276 000	2 000
• <i>Arbeidsgjevarkontrollen(overført til Vågå kommune frå 1.4.2014)</i>	192 000	197 000	-5 000
• <i>Skogbrukssjef</i>	240 000	240 000	0
• <i>Tilsyn byggesak</i>	117 800	120 000	-2 200
Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter(NGLMS)			
• <i>Jordmorvakt</i>	280 000	47 700	232 300
• <i>Legevakt - varsling</i>	1 501 800	1 731 000	-229 200
• <i>Intermediære senger</i>	1 319 000	1 157 000	162 000
• <i>Samfunnsmedisinar</i>	300 000	121 000	179 000
Tildelingskontoret Lom og Skjåk	779 000	805 000	-26 000
PPT	1 378 000	1 438 757	-60 757
Lom og Skjåk brannvesen			
• <i>Feiarvesen</i>	381 000	416 000	-35 000
• <i>Brannsyn</i>	255 000	227 000	28 000
• <i>Brannvesen</i>	1 540 000	1 586 000	-46 000
• <i>Overordna brann, m.m.</i>	286 000	316 000	-30 000
Sysselsettingsgruppe - samarbeid med Skjåk		161 000	-161 000
Lom kyrkjelege råd	1 600 000	1 550 000	50 000
• <i>I tillegg kjem overføringer for tenesteyting</i>	335 000	345 000	-10 000
• <i>Livssynsamfunn</i>	20 000	20 000	0
Gudbrandsdalsmusea AS jfr. avtale	170 000	170 000	0
Lom friviljugsentral (auke 2017 grunna overføring av ansvar frå stat til kommune)	450 000	400 000	50 000
• <i>I tillegg kjem tenesteyting³⁾</i>	204 000	210 000	-6 000
Samarbeid med krisesenter	164 000	157 500	6 500
Reiseliv, finansiert frå næringsfondet	550 000	500 000	50 000
Landbruk - overføring til private	550 000	500 000	50 000
Skogbruk - tilskot avverking		150 000	-150 000
Nord-Gudbrandsdalen bedriftshelseteneste, kjøp av tenester	140 000	140 000	0
Organisasjonar og andre innan kultur	670 000	580 000	90 000
• <i>Av dette øymerka til idrett</i>	530 000	490 000	40 000
Tilskot til ungdomsarbeid	120 000	0	120 000
TOTALT	22 023 600	22 293 107	-269 507

4.3.8 Budsjettansvar

Reglar for rekneskap er endra, noko som fører til at internfordeling av utgifter blir sett opp annleis. Dette kan gje utslag i taloppstilling, med større beløp i endring i forhold til 2016.

Støttefunksjonen	2017	2018
Lønsutgifter	2618900	1656202
Kjøp av varer og tenester	5693100	5483800
Kjøp av tenester frå andre	4383000	4492150
Overføringar	6111050	6591050
Finansutgifter/transaksjonar	33006962	33825800
SUM UTGIFTER	51813012	52049002
Salsinntekter	-18819952	-14116565
Refusjonar	-1391050	-1974586
Overføringar	-152491000	-154851000
Finansinntekter/Transaksjonar	-18689000	-18387352
SUM INNTEKTER	-191391002	-189329503
SUM STØTTEFUNKSJONEN	-139577990	-137280501

Administrativ stab	2017	2018
Lønsutgifter	2859087	2803337
Kjøp av varer og tenester	296000	97000
Kjøp av tenester frå andre	1395000	1438757
Overføringar	21000	21000
SUM UTGIFTER	4571087	4360094
Refusjonar	-2112287	-2029345
SUM INNTEKTER	-2112287	-2029345
SUM ADMINISTRATIV STAB	2458800	2330749

Servicetorg, kultur, informasjon	2017	2018
Lønsutgifter	5850900	5640392
Kjøp av varer og tenester	-69400	717800
Kjøp av tenester frå andre	114000	74000
Overføringar	2728750	2455750
SUM UTGIFTER	8624250	8887942
Salsinntekter	-689000	-225000
Refusjonar	-269750	-256750
Finansinntekter/Transaksjonar	-242500	-19000
SUM INNTEKTER	-1201250	-500750
SUM SERVICETORG, KULTUR, INFORMASJON	7423000	8387192

Loar skule	2017	2018
Lønsutgifter	17449114	18485373
Kjøp av varer og tenester	1855907	1891100
Kjøp av tenester frå andre	35000	35000
Overføringar	230000	230000
SUM UTGIFTER	19570021	20641473
Salsinntekter	-405500	-433000
Refusjonar	-2123021	-2451975
Finansinntekter/Transaksjonar	-111000	0
SUM INNTEKTER	-2639521	-2884975
SUM LOAR SKULE	16930500	17756498

Lom ungdomsskule	2017	2018
Lønsutgifter	12754950	14385731
Kjøp av varer og tenester	1752200	1669150
Kjøp av tenester frå andre	324000	55000
Overføringar	364500	379500
SUM UTGIFTER	15195650	16489381
Salsinntekter	-180000	-180000
Refusjonar	-1259500	-1555600
Overføringar	-2714300	-1217500
SUM INNTEKTER	-4153800	-2953100
SUM LOM UNGDOMSSKULE	11041850	13536281

Barnehage	2017	2018
Lønsutgifter	16831000	17954511
Kjøp av varer og tenester	1939300	904500
Kjøp av tenester frå andre	336000	0
Overføringar	107000	107000
SUM UTGIFTER	19213300	18966011
Salsinntekter	-2910000	-3582000
Refusjonar	-257000	-257000
Overføringar	-312000	0
SUM INNTEKTER	-3479000	-3839000
SUM BARNEHAGE	15734300	15127011

Miljø, teknisk, næring	2017	2018
Lønsutgifter	15154600	15178844
Kjøp av varer og tenester	3240100	5811800
Kjøp av tenester frå andre	6928262	7420462
Overføringar	2163025	2228025
Finansutgifter/transaksjonar	509000	455000
SUM UTGIFTER	27994987	31094131
Salsinntekter	-13077600	-13576000
Refusjonar	-2203125	-2073125
Overføringar	-548862	-548862
Finansinntekter/Transaksjonar	-2467600	-2964100
SUM INNTEKTER	-18297187	-19162087
SUM MILJØ, TEKNISK, NÆRING	9697800	11932044

Utgard	2017	2018
LØNSUTGIFTER	2 229 516	2 073 091
KJØP AV VARER OG TENESTER	1 365 500	1 156 690
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	347 000	260 000
Sum utgifter	3 942 016	3 489 781
SALSINNTEKTER	-2 814 976	-3 074 976
Sum inntekter	-2 814 976	-3 074 976
SUM UTGARD	1 127 040	414 805

Lom folkebibliotek	2017	2018
LØNSUTGIFTER	1 150 700	1 142 466
KJØP AV VARER OG TENESTER	353 000	343 000
KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE	20 000	40 000
OVERFØRINGAR	59 000	59 000
Sum utgifter	1 582 700	1 584 466
SALSINNTEKTER	-28 000	-28 000
REFUSJONAR	-323 500	-323 500
FINANSINNTEKTER/TRANSAKSJONAR	0	-20 000
Sum inntekter	-351 500	-371 500
SUM LOM FOLKEBIBLIOTEK	1 231 200	1 212 966

Helse og velferd	2017	2018
Lønsutgifter	16199300	13068634
Kjøp av varer og tenester	3371200	2333900
Kjøp av tenester frå andre	6446300	6420200
Overføringar	2265900	1854300
Finansutgifter/transaksjonar	30000	30000
SUM UTGIFTER	28312700	23707034
Salsinntekter	-1345000	-845000
Refusjonar	-2005900	-2021300
Overføringar	-11228500	-7500000
Finansinntekter/Transaksjonar	-20000	-60000
SUM INNTEKTER	-14599400	-10426300
SUM HELSE OG VELFERD	13713300	13280734

Institusjonsbasert omsorg	2017	2018
Lønsutgifter	61434200	60238721
Kjøp av varer og tenester	8715000	4918300
Kjøp av tenester frå andre	2757000	1076200
Overføringar	290000	1289000
Finansutgifter/transaksjonar	398000	30000
SUM UTGIFTER	73594200	67552221
Salsinntekter	-7570000	-7119000
Refusjonar	-7256000	-7101000
Finansinntekter/Transaksjonar	-725000	-30000
SUM INNTEKTER	-15551000	-14250000
SUM INSTITUSJONSBASERT OMSORG	58043200	53302221

4.3.9 Investeringar og finansiering

Nye tiltak 2016 - 2019 over 100 000 kroner

	2018	2019	2020	2021
Investering				
Edb-utstyr/programvare Regiondata	593 750	593 750	593 750	593 750
Betalte avdrag etableringslån	1 180 000	1 200 000	1 215 000	1 236 000
Utlån -etableringslån	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
iPad - klassesett Loar skule	187 500	187 500	0	0
Digitale tavler Loar skule	125 000	0	0	0
Digitalisering	500 000	1 562 500	1 562 500	1 562 500
ISY ProAktiv (Digitalisering - går inn i gebyrbereking VAR)	375 000	0	0	0
Takoverflate Losjehuset (sikring - tryggleik)	150 000	0	0	0
Kommunale vegar - dekkelegging				
Hamrom-vassforsyning	0	0	200 000	0
Rassikring Ulstad	4 000 000	0	0	0
Brubakken trafikksikring	4 250 000	1 750 000	0	0
Galdesand RA oppgradering	0	500 000	0	0
Gamelbanken HMS -tiltak	156 250	0	0	0
Enøk - tiltak skulelokale	250 000	645 000	380 000	0
Enøk - tiltak Drengjestugu - Steinfjøset	140 000	62 500	1 050 000	0
Enøk - tiltak Helseheimen	4 390 000	2 097 500	2 800 000	0
Asfaltering miljøstasjon	0	462 500	0	0
Containarar Miljøstasjon (13 for resteavfall+5 for papir)	477 500	0	0	0
Velferdsteknologi	1 562 500	1 562 500	1 562 500	1 562 500
Lom helseheim: tilbygg omsorgsbustader	5 315 000	33 338 750	0	0
Lom helseheim: tilbygg institusjonsplassar	11 520 000	34 560 000	0	0
Lom helseheim: parkeringskjellar	5 839 000	17 519 000	0	0
Omsorgsbustader Lientomta	0	29 586 000	29 586 000	0
Omsorgsbustader Lientomta veg	0	0	250 000	0
Lom helseheim: Kjøp av bilar heimesjukepleie	350 000	700 000	700 000	700 000
Kokegryte hovedkjøken Lom helseheim	187 500	0	0	0
Kjølerom - nytt aggregat Lom helseheim	150 000	0	0	0
SUM INVESTERINGAR	42 309 000	126 620 000	39 469 750	6 654 750
Finansiering				
Øyremarka tilskot	-6 982 000	-37 859 000	-10 651 000	0
Komp.Mva-anskaffelser-inv.	-7 226 000	-24 784 000	-7 410 750	-883 750
Bruk av lån	-25 921 000	-61 777 000	-19 193 000	-3 535 000
Lån - etableringslån	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Ordinære avdr.-Formidl.Lån	-959 200	-979 200	-994 200	-1 015 200
Overføring frå driftsrekneskapen	-220 800	-220 800	-220 800	-220 800
SUM FINANSIERING	-42 309 000	-126 620 000	-39 469 750	-6 654 750

Investeringar ENØK-tiltak	LUS, gamle Loar og Steinfjaset	Garmo oppvekst- senter	Loar barnehage	Lom helseheim	Gamle Loar (avslege)	Drengjestugu/ Steinfjaset (avslege)
Tilstandsgrad	1	2	2	2	1	1
Konsekvensgrad	2	3	2	3	3	3
Årleg sparepotensial kWh m2/år	25	31	43	45	40	42
Forventa behov, samla	30%	100%	100%	60%	100%	100%
Ny(e) varmepumpe(r)	-	3525	4230	-	8554	8272
Årleg sparepotensial kWh m2/år	-	3	6	-	8	18
Oppgradering teknisk rom	24343	17289	6097	113079	15667	6592
Årleg sparepotensial kWh m2/år	-	14	9	25	14	15
Nye radiatorar og el-omnar. termostatstyrt	21846	15368	18292	51399	20144	7534
Årleg sparepotensial kWh m2/år	9	13	26	11	18	17
Automatisk vassbore rensesystem, effekt	4993	2305	-	16448	3133	1318
Årleg sparepotensial kWh m2/år	2	2	-	4	3	3
Rørisolering, bereder, anna	11235	3458	6097	24672	5819	3390
Årleg sparepotensial kWh m2/år	5	3	9	5	5	8
Forventa kostnad materiell i kr.	170000	730000	300000	3170000	255000	211000
Forventa annan ekstern kostnad	323000	438000	240000	1902000	204000	189900
Forventa budsjettkostnad eks. mva	493000	1168000	540000	5072000	459000	400900
Pay-back budsjettkostnad	10	34	19	30	11	18
Noverdi -forventa forslag	424420	-551471	-29732	-2050080	324680	-2478
ANBEFALING	Prioritera varmestyring, tiltak i 2019	Prioritera varmestyring, sett gj.pris 950 kr/m2	Prioritera varmestyring, sett gj.pris 760 kr/m2	Prioritera varmestyring, sett gj.pris 1100 kr/m2	Prioritera varmestyring, tiltak i 2019, sett gj.pris 415 kr/m2	Prioritera varmestyring, tiltak i 2024, sett gj.pris 895 kr/m2

Denne berekninga syner at det er berre ved Lom ungdomsskule, Gamle Loar og Steinfjaset det er lønsamt å investere i ENØK – tiltak. Det er lang såkalla “pay – back”, heilt opp i 34, 30, 19 og 18 år på dei tiltaka som er negative. Næverdiberekinga syner den negative framtidige kontantstraumen omrekna til dagens kroneverdi, trekt i frå investeringsutgifta.

Kalkyle bygging pleie og omsorg - ca utgifter pr år

	Omsorgsbustadar	Institusjonsplassar	Park.kjellar	Omsorgsbustadar(Lientomt)	Sum utgifter
Diverse driftsutgifter	417 000	500 000	75 000	500 000	1 492 000
Renter	488 583	399 711	294 695	740 954	1 923 943
Avdrag	618 460	579 291	427 094	1 073 846	2 698 691
Redusert husl. grunna riving	280 000				280 000
Sum utgifter	1 804 043	1 479 003	796 789	2 314 799	6 394 635
Innsparing løn	-1 450 000	0	0	0	-1 450 000
Husleige	-756 000	0	0	-864 000	-1 620 000
Sum inntekt	-2 206 000	0	0	-864 000	-3 070 000
Balanseverknad	-401 957	1 479 003	796 789	1 450 799	3 324 635

4.3.10 Driftsbudsjettet

Driftsbudsjettet	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter						
Brukerbetalingar	10 011 952	9 490 500	9 424 000	9 478 000	9 765 000	10 166 000
Andre sals- og leigeinntekter	28 772 587	33 424 728	33 639 476	33 359 476	33 359 476	34 895 476
Overføringar med krav til motyting	30 175 828	19 201 133	20 044 181	20 024 081	20 023 681	20 044 181
Rammetilskott	85 958 931	88 854 000	91 085 000	91 085 000	91 085 000	91 085 000
Andre statlege overføringar	19 124 437	16 270 662	10 589 362	10 589 362	10 589 362	10 589 362
Andre overføringar	593 277	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Skatt på inntekt og formue	48 621 335	51 745 000	53 413 000	53 413 000	53 413 000	53 413 000
Eigedomsskatt	6 470 778	5 025 000	3 730 000	2 730 000	2 380 000	2 030 000
Andre direkte og indirekte skattar	7 257 763	5 300 000	5 200 000	5 200 000	5 200 000	5 200 000
Sum driftsinntekter	236 986 888	229 411 023	227 225 019	225 978 919	225 915 519	227 523 019
Driftsutgifter						
Lønsutgifter	131 798 326	130 553 767	129 989 728	128 197 606	126 063 086	125 896 947
Sosiale utgifter	23 146 604	26 006 800	24 517 500	24 469 000	25 170 700	23 770 000
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteprod.	32 080 881	28 017 607	23 700 240	22 446 869	21 247 289	22 788 628
Kjøp av tenester som erstattar tenesteprod.	22 797 869	23 728 562	21 311 769	21 311 769	21 311 769	21 311 769
Overføringar	19 141 403	14 340 225	15 214 625	15 214 625	15 214 625	15 214 625
Avskrivningar	12 643 138	12 000 000	12 644 000	12 644 000	12 644 000	12 644 000
Fordelte utgifter	-5 407 782	-4 924 800	-116 065	-116 065	-116 065	-116 065
Sum driftsutgifter	236 200 438	229 722 161	227 261 797	224 167 804	221 535 404	221 509 904
Brutto driftsresultat	786 449	-311 138	-36 778	1 811 115	4 380 115	6 013 115
Finansinntekter						
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	9 223 325	5 516 000	5 074 000	5 201 000	5 388 000	4 553 000
Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	0	0	0
Mottokne avdrag på utlån	44 824	20 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum eksterne finansinntekter	9 268 149	5 536 000	5 104 000	5 231 000	5 418 000	4 583 000
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostningar	3 701 322	4 588 000	3 771 000	4 462 000	5 452 000	5 702 000
Tap på finansielle instrument	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	6 825 105	6 882 000	7 908 000	8 648 000	10 414 000	10 962 000
Utlån	34 200	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum eksterne finansutgifter	10 560 627	11 500 000	11 709 000	13 140 000	15 896 000	16 694 000
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-1 292 478	-5 964 000	-6 605 000	-7 909 000	-10 478 000	-12 111 000
Motpost avskrivningar	12 643 138	12 000 000	12 644 000	12 644 000	12 644 000	12 644 000
Netto driftsresultat	12 137 110	5 724 862	6 002 222	6 546 115	6 546 115	6 546 115
Interne finanstransaksjonar						
Bruk av tidlegare års reknesk.messig mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	2 086 500	1 731 500	762 893	219 000	219 000	219 000
Bruk av bunde fond	4 390 536	2 987 600	3 222 685	3 222 685	3 222 685	3 222 685
Sum bruk av avsetningar	6 477 036	4 719 100	3 985 578	3 441 685	3 441 685	3 441 685
Overført til investeringsrekneskapen	0	370 800	220 800	220 800	220 800	220 800
Dekning av tidlegare års reknsk.m. meirforbruk	1 005 252	0	0	0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	3 771 766	3 976 162	4 527 000	4 527 000	4 527 000	4 527 000
Avsetningar til bunde fond	7 406 245	6 097 000	5 240 000	5 240 000	5 240 000	5 240 000
Sum avsetningar	12 183 263	10 443 962	9 987 800	9 987 800	9 987 800	9 987 800
Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk	6 430 883	0	0	0	0	0

4.3.11 Utvikling i lånegjeld

Utvikling i lånegjeld 2016 - 2019 (tal i heile tusen kroner)	Innåande gjeld	2018	2019	2020	2021	Utgåande gjeld 2020
Nye lån	236 927	26 921	62 777	20 193	4 535	
Avdrag løpande lån		7 708	7 579	7 929	8 338	
Avdrag nye lån		200	1 069	2 485	2 624	
Gjeld 31.12.		255 940	310 069	319 848	313 421	313 421

4.3.12 Fondskapital

Fondskapital (tal i heile tusen kroner)	Innåande balanse	2018	2019	2020	2021	Utgåande balanse*
Disposisjonsfond	10 150					10 350
Avsett drift/disponert		50	50	50	50	
Heimfallsfond	3 625					4 025
Avsett drift		100	100	100	100	
